



Årsmelding 2015



Laget som vann Norway cup 2015

Innkalling til årsmøte 2015 i Syril mandag 14mars kl 1900 i
Saften 4 etg.

- Opning
- Godkjenning innkalling og sakliste
- Val ordstyrar og referent
- Val 2 medl. til underskriving protokoll
- Godkjenning årsmelding og rekneskap
- Fastsetjing medlemskontingent 2017
- Framlegg til budsjett
- Ny lov for idrettslag
- Val

Formann

Nestformann

Kasserar

Styremedlem

Formann og nestformann gruppene

2 revisorar

3 medl styringsgruppa kjeringi open

2 medl hyttestyre

Valnemnd

- Innkomne saker

ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 2015

TILLITSVALDE 2015

Gruppe	Namn	
Hovudstyret		
Leiar	Per Hauge	
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	
Kasserar	Arild Bjørk	
Sekretær/styremedlem	Nils Magne Slinde	
Friidrettsgruppa		
Leiar	Ingunn Nyhammer	
Nestleiar	Rune Henjesand	
Handballgruppa		
Leiar	Eva Solhaug Fosshagen	
Nestleiar	Steinar Fredheim	
Skigruppa		
Leiar	Eivind Brendehaug	
Nestleiar	Torun Grut	
Trim- og merkegruppa		
Leiar	Arild Bjørk	
Nestleiar	Toril Felde	
Barnegruppa		
Leiar	Hilde Ruud	
Nestleiar	Eva Hamre	
Symjegruppa		
Leiar	Christian Kleiven	
Nestleiar	Jorunn Kristin Nes	
Fotballgruppa		
Leiar	Kjartan Hove	
Nestleiar	Birthe Andersen	
Innebandy		

Leiar	Jon Amundsen	
Nestleiar	Dag Digernes	
Volleyball		
Leiar	Åse Njøs	
Nestleiar		
Revisor	Endre Høgalmen	
	Tony Borlaug	
Hyttestyre skihytta	Karina Nerland	
	Marit Silje Husabø	
Styringsgruppa Kjeringi Open		
	Roar Vangsnes	
	Karl Erik Johnsen	
Leikanger Idrettsråd		
Leiar	Per Hauge	
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	
Valnemd		
Leiar		
Medlemar	Arvid Vamråk Mellingen	
Medlemar	Anne kristin Kayser	

Årsmelding hovudstyret Syril 2015

Syril har også i år hatt stor aktivitet i dei fleste gruppene. Idrettshallen er fortsatt den største aktivitetsarenaen. Dei fleste gruppene har ein eller annan aktivitet i hallen, og kabalen med å få fordelt timane etter alles ønskje, er ikkje lett.

Håndball er den største brukaren av hallen.

Med kunstgras både på stadion og ungdomsskulen har fotball hatt gode treningstilhøve utandørs. Det er og i år utført mykje dugnadsarbeid rundt kunstgrasbana.

Den store dugnads innsatsen vert lagt merke til, og dugnadsgeneralen Nils Magne Slinde, som har leia arbeidet og vore drivkrafta i kunstgrasbaneprosjektet, vart tildelt Leikangerprisen for 2015. Gratulera.

Vinteren kom tidleg med gode snøtilhøve før jul. Det var stor aktivitet i bakke og skiløypene på Kleppa. Med ein kald vår vart skisesongen utruleg lang. Det var faktisk fleire som var på ski i Systromsfjella fyrste veka i juli.

Kjeringi open vart arrangert for 23 gong, og gjennomført under gode forhold med fine løyper heilt til fjells. Norgescupen i fjelltelemark hadde sitt renn ilag med Kjeringi open. Veret var med oss, og det var mange positive tilbakemeldingar om arrangementet og naturen.

Styret har i lengre tid jobba med kjøp av «ny» lagsbuss. Syril har fokus på trygg transport av utøvarane og brukar difor mykje ressursar på å halda bla. bussen i topp teknisk stand.

I 2014 vart det jobba med avtale om kjøp av demobuss. Styret gjekk einstemmig inn for kjøpeavtale kr 695 000 med Mercedes på Gol. Dette er 17 seter minibuss, 2015 modell med 5 års garanti. Bussen er nesten ubrukt og vart levert i april.

I haust hadde Syril ein stor flyttedugnad, der me flytte vegkontoret attende til Askedalen. Dette var ein stor jobb som gjekk over ei heil helg og ga vel 110 000 kr netto til klubbkassa. Styret takkar dugnadgjengen for godt utført arbeid.

I 2015 har håndball og fotball hatt ansvaret for julekalendaren, som gir gode inntekter til desse gruppene.

Syril har sponsoravtalar med Sparebanken Sogn og Fjordane, Sognekraft, SognAvis/IHP og Idrettssenteret.

I tillegg har me selt reklameplass i Leikangerhallen til lokale bedrifter.

Økonomisk har Syril hatt eit godt år., og vi får eit overskot på kr 407 054,-

Me vil takka for sær god støtte i bygda både ved dugnadsarbeid, økonomisk støtte ved ulike arrangement og positive haldningar til arbeidet som vert lagt ned av mange frivillege i Syril.

Me takkar og sponsorar, næringslivet i Leikanger og Sogndal, Leikanger kommune og Sparebanken Sogn og Fjordane for økonomisk støtte og godt samarbeid.

Stor takk til tillitsmenn, trenarar og foreldre for det store arbeidet som vert lagt ned i gruppene.

Syrlutøvarar har ved fleire høve markert seg heilt i landstoppen i ulike idrettsgreiner i 2015. Alle våre flotte utøvarar, som er våre beste ambassadørar for laget og bygda, fortener og stor takk.

Arbeidsutvalet

Per Hauge

Karl Erik Johnsen

Arild Bjørk

Nils Magne Slinde



Fotball

ÅRSMELDING

SYRIL FOTBALL 2015

Styret 2015

Styret har hatt denne samansetjinga i 2015:

Leiar	Kjartan J Hove
Nestleiar	Birte Andersen
Økonomiansvarleg	Magnar fredheim
Sekretær	
Utdanningsansvarleg	
Kontaktperson aldersbestemt	Birte Andersen og Wenche
Kristiansen	
Kontakt seniorfotball	Erlend Husabø
Arrangementansvarleg	-
Fair-Play og Domarkontakt	Wenche Kristiansen
Sportsleg leiar	Anita Nornes
Valnemnd	-- --

Møteverksemd

Styret i Syril Fotball har i 2015 hatt til behandling tradisjonelle styresaker. Styremedlemene har og vore delaktige med å leggje til rette for arrangement som Tine Fotballskule, aktivere til dugnadar, delta på lagleiar/trenar/spelarmøte med både A-lagsspelarar og aldersbestemte lag, samt sjå etter baneanlegga og gå over materiellet til fotballgruppa.

Styret har ikkje vore fulltallige i 2015 og det har ført til at enkelte områder er blitt nedprioritert. Det er generelt vanskeleg å få personar til å ta på seg verv, enten i styret eller som valnemnd. Mange av dei som har fått spørsmålet har prioritert oppgåver som trenar og oppmenn i laget slik at fotballgruppa har fungert godt i forhold til aktivitet. Utfordringa er å få til eit styre der alle rollar i gruppa er representert og slik at klubben kan vere styrt av eit styre. Det er levert inn Fairplayrapport til kretsen for 2015

Organisasjon

Sportsplan til SYRIL Fotball blir gjennomgått på lagleiarmøtet og er grunnlaget for arbeidet i fotballgruppa. Spørsmål i forhold til plan har vore knytta til forståing/tolking av hospiteringsordninga, Fair Play og praktiske forhold rundt deltaking på cupar, betaling og liknande. Styret oppfattar organisasjonen til å respektere sportsplan som den ligg føre, men styret ser at på enkelte områder kan den tolkast ulikt.

Styret vil takke alle dei som har stilt opp i leiar- og trenarfunksjonar i Syril Fotball i 2015! Organisasjonen har fungert godt med lagleiarar og trenarar som har lagt ned mykje godt arbeid for barn og ungdom! Syril har, som tidlegare år, vore eit av laga i kretsen med størst deltaking av lag på aldersbestemt nivå. Målet om damelag i 2015 nådde vi ikkje, men dette må det arbeidast vidare med då tilveksten på jentesida siste åra har vore utruleg flott!

Lagleiarmøte

Det er holde lagleiarmøte på våren og hausten med godt oppmøte og mange gode innspel. Informasjon elles går til lagleiarane/laga via epost. Det er viktig at dette blir fordelt ut til samtlege enten det er spelarar eller foreldre. Syril.net slutta etter kvart og fungere slik at den ikkje kan reknast som nokon informasjonskanal i 2015. Styret si vurdering er at informasjonsflyten i klubben har fungert bra og det blir gjort ein god innsats av både foreldre- og spelargrubbene slik at Syril fotball har eit positivt og utviklande miljø!

Påmelding av lag

Følgjande lag vart påmeldt til sesongen 2015 (totalt 39 lag):

	1 seniorlag herre 5. divisjon
1 J15/16 11-ar 1 J15/16 7-ar	1 G15/16 11år
1 J13/14 9år 1 J13/14 7år	1 G13/14 11-ar 1 G13/14 9-ar
1 J12 7-ar 2 J11 5-ar 1 J10 5-ar 1 J09 5-ar	1 G12 7-ar 1 G11 7-ar 2 G10 5-ar
Miniputtlag, Samla jente og gut: 22 lag	

Aktivitetar

Følgjande aktivitetar vart gjennomførde i 2015:

Seriar

Deltaking i seriar og turneringar går fram i årsrapportane til laga som ligg etterfølgjande til styret sin årsrapport. Rapportane vert lagt ut på SYRIL sine nettsider.

Turnering for miniputt

Også i 2015 gjennomførte Syril Fotball eit godt og prikkfritt miniputtarrangement på kunstgrasbana. Her stillte, i god tradisjon, foreldre, trenarar og lagleiarar opp på ein god måte. Arrangementet hadde mange spelarar og publikum. Samla var det ca 300 - 350 med på turneringa. Miniputtturneringa omfatta også spelarar som er 6 år gamle.

Spelarar frå gute- og jentelaga tok jobben som dommarar.

Andre Turneringar

Dei einskilde laga sine årsrapportar informerer om deltaking i turneringar. Spesielt vil styret peika på småjentene sin seier i Norway Cup der dei gjekk heilt til topps og jentelaget som gjekk til topps på Sør Cup, gratulerer til dei og så mykje!

Styret meiner at deltaking i ulike arrangement er viktig og at laga bør fortsette med å delta i cupar og turneringar. Dette aukar trivselen og samhandlinga i dei einskilde laga samt at det er eit tiltak/mål laga kan arbeida fram mot og som skaper ekstra engasjement.

TINE fotballskole

Fotballskulen vart lagt til siste veka av skulane sin sommarferie som tidlegare. Det var i år ei deltaking på rundt 90 - 100 ungar som er litt under det vi har lege på dei siste åra. Fotballskulen er for ungar frå 8 til 13 år. Planlegging og gjennomføring av fotballskulen byggjer på eit opplegg som vart etablert i 2007 og som så langt har funger bra. Nytt av året var at styret peika på ei ansvarleg aldersgruppe for å stå for dette der ein då trekt inn fleire vaksne/foreldre.

Årets opplegg bør evaluerast, men styret meiner at turneringa bør vidareførast også i 2016.

Dugnader

- TINE Fotballskule 2015
- Vask og rydding av kiosk
- Mykje dugnad på kunstgrasbana
- Oppsetjing av ballnett ved Leikanger ungdomsskule
- Køyring av blomster før jul (A-laget)
- KM innendørsfotball
- Adventskalendar
- Flyttedugnad for Statens vegvesen
- Kjeringi Open (der alle deler av Syril blir utfordra til å delta)

SYRIL Fotball på nett

Syril.net slutta å fungere i løpet av 2015 og bruken vart etter kvart minimal då stabiliteten vart for dårleg. Fotball vil kople seg på ny nettstruktur i 2016; Syril.no

Anlegg

Kunstgrasbana/stadion er eit viktig samlingspunkt i bygdi for fotballglad ungdom og barn, men også kunstgraset ved ungdomsskulen er mykje brukt.

Ballrommet fungerer greitt. Det vart på årsmøte 2014 vedteke å etablere utstyrs-kassar for deling på fleire lag. Erfaringa er litt ulik, nokre held på ordninga og nokre har gått tilbake til materiell for kvart årskull. Då dette er eit årsmøtevedtak på bør årsstyret på nytt ta den opp til diskusjon i forhold på ulik handtering av vedtaket.

Samarbeidet med Leikanger kommune om vedlikehald av baneanlegga har gått greitt i 2015. Det har vore møter for å sjå nærare på vedlikehald og utvikling av banene samt andre forhold på bana.

Vasking av garderobane har fungerer godt i 2015, men som i 2014 har det vore litt diskusjon om vasking i forhold til treningskampar utanom sesongen og kampar etter haustferien.

Status

- Kunstgrasbanene/felta er flotte. Det er etterfylt gummigranulat i 2015.
- Grasbana har fått eit «løft» pga mindre slitasje, men er ømtåleg for større nedbørsmengder. Har vore brukt til trening og turnering i 2015
- Garderobeanlegget i skulebygget fungerer godt og det har vore få klagar på rydding og bruk generelt. Flott jobb av lagleiarane!
- Tribuneanlegg ved grasbana er i akseptabel stand. På tribunene ved kunstgrasbana er det gjort masse godt arbeid også i 2015
- Midlertidig kiosk ved kunstgrasbana fungere bra. Det vart på slutten av 2015 tinga materialar til nytt kioskbygg i 2016
- Det er ikkje leigd treningstid i Sognahallen i 2015 då gym.salen på ungdomsskulen, samt mest muleg utendørstrening for redusert dette behovet.
- Leige av Leikangerhallen har fungert, men det er ikkje nok treningstid til at alle fotballag får tildelt fleire treningstimar i veka gjennom vinteren.

Behov

- Meir bruk av grasbana framover til trening/kamp/turnering

Økonomi

Rekneskap

Rekneskapen for SYRIL Fotball viser i 2015 eit overskot på rundt 65 000,- kr mot eit underskot på 5 000,- kr i 2014. Det var budsjettert med 10 000,- kr i overskot. Innkreving av treningsavgifter og dugnader har gått over budsjett i 2015, mens det har vore mindre reduksjon i Tine fotballskule og billettinntekter og det er svikt på billettar, kiosk og sponsorarbeid. Samla er inntektene auka med rundt 9000,- kr i 2015 i forhold til 2014.

På utgiftssida har utgiftene til buss nesten auka tre-dobbelte etter omlegginga (30 000,- til 84 000,-). Me har kvitta oss med lånet på kunstgraset og redusert utgiftene med nesten 50 000,- kr på den måten. Vidare er innkjøp av utstyr halvert i 2015, men utgifter til drift av kunstgraset går opp samt utgifter til turneringar og domarar. Kontigenten til kretsen er stabil på ca 75 000,- kr

NB: Styret vil og i denne meldinga minne om vedtaket frå 2009 om at dei som ikkje har betalt treningsavgift ikkje skal få spele kampar. Vidare at det skal rettast ei purring til dei foreldra dette gjeld. Kjem ikkje slik innbetaling er tiltaket ingen kampdeltaking.

Tilsvarande vil vi og minne om medlemskap i Syril. Dette mellom anna for at forsikrings-ordninga er knytta opp mot gyldig medlemskap. Er ikkje medlemskapen i orden kan ikkje vedkomande spele kampar då laget har eit direkte ansvar for dekning av skader utanom forsikringsordninga.

Det er viktig å minne om dei avtalane Syril har knytta til medlemskapen bla på rabatt på kjøp mv.

Budsjett

Budsjettet for 2015 vart sett til 480 000,- kr med 10 000,- kr i overskot. Rekneskapet er gjort opp i balanse med eit mindreforbruk på 67 890,- kr

Budsjettet for 2016 er basert på ein gjennomgang av rekneskapen for 2014 og 2013. Det blir lagt opp til same nivå/fordeling i 2016 som i 2015. Styret går for å videreføre treningsavgiftene i 2015 til 2016 sjølv om 2015 gjekk ut med overskot. Dette av di styret ser det er store variasjonar mellom dei siste åra på både inntekter og utgifter.

Lagskontingentane /treningsavgift var i 2015:

- Senior herrar kr. 3 000 - inkluderer medlemskontingent (endra 2012)
- Senior damer kr 2 400,- inklusiv medlemskontingent (endra 2015)
- Aldersbestemt kr. 1 650,- (endra 2015)
- Aldersbestemt 9-10 år kr. 600,- (ny 2014)
- Miniputt kr 500,- (endra 2014)
- Støttespelar rekrutt kr 800,- (endra 2015) inkl medlemskontingent

Utdanning

Dommarsituasjonen

Det har vore mange som har teke klubbdomarkurs i 2015 og desse har gjort ein god jobb. Nye klubbdomarar i 2015 er; Gunvor Hamre, Hanna Krosshaug, Marion Borlaug Orrestad, Amalie Dimmen Henjum, Adrian Husabø Thue, Ingemår Fosshagen, Hans Kristian Midthun Aaberge, Eirik Njøs Mardal, Mathias Fossberg.

Syrl Fotball har 4 stk 11-ar domarar (Jan Rømmen, Jarle Andersen, Frode Ølmheim og Torbjørn Stølen). Her er det plass til fleire!

Trenarar og lagleiarar

For aldersbestemt og miniputt var dei fleste trenarar og lagleiarar på plass til sesongen starta. Det er eit stort apparat der foreldra spelar ei viktig og sentral rolle. Dei enkelte har etablert grupper rundt laga, men det er litt ulik praksis på årskulla/laga. Styret registrerar at det kan vere problematisk å få dette til å fungere dersom det ikkje er litt formalisert.

Det blir vist til lagsrapportane kven som har hatt dei ulike rollane i 2015.

Trenarkurs

Det var ikkje trenarkurs i eigen klubb 2015, men trenarane vart samla for dialog med trenar A-lag i 2015. Syrl hadde 2 stk på trenarkurs i Vik hausten 2015.

Heidersteikn

Ingen

Oppsummering av året og vidare framover!

Styret vil oppsummere året slik:

Kunstgrasbana ved «stadion» saman med kunstgraset ved ungdomsskulen fungerer flott og viktige tilskot til aktiviteten i laget.

Sportsleg var 2015 eit godt år. Som tidlegare år prega Syrl fotball breiddeforballen både i sone og fylke. Me er gode på å få med flest muleg av barn og ungdom på alle årstrinn i barne- og ungdomssteget. Skal styret trekkje fram noko spesielt vil vi også i år peike på at det gode arbeidet som er gjort for jentefotball i 2014 også held fram i 2015

På herresida/senior hadde me eit lag i 2015 som i 2014. Det ser ut som det tilbodet har vore dekkande i forhold til aktiviteten. Det blir og arbeidd godt på gutesida i aldersbestemt nivå.

Miniputtane er aktive og interessa er aukande. Det er flott, men det skaper litt utfordring i forhold til trening gjennom vinteren. Fotballstyret vil ta opp ein diskusjon i forhold til hovedstyret når det gjeld grensesnitt inn mot barneidretten i klubben.

Sponsorinntektene kunne vore betre i 2015 og bør arbeidast meir med. Styret har lukkast med å redusere utgiftene for året, men er spent på om dette er innafor dei «normale» svingingane eller om vi klarer stabilisere det på eit lågare nivå.

Styret vil minne lagleiarar, trenarar, spelarar, foreldre og andre tillitsvalde om å kome med forslag om korleis SYRIL Fotball kan verte ein betre organisasjon. Styret vil sterkt oppmoda alle om å bidra!

Styret takkar alle i SYRIL Fotball, utøvarar, dei med verv, dugnadsgjeng, kakebakarar, kioskvakter, heiagjeng m.v. for ein framifrå og stor innsats i 2015. Vidare ønskjer vi å takke næringslivet for aktiv deltaking – sponsorstøtte er uvurderleg. Sogn og Fjordane fotballkrins har vore gode støttespelarar og pådrivarar for gjennomføringa av sesongen.

Til slutt ein takk til Leikanger kommune for samarbeidet!

VEL MØTT TIL NYTT ÅR OG NY SESONG!

Leikanger 24. januar 2016

Styret

BUDSJETT SYRIL FOTBALL 2016

Kfr presentasjon av reknskap og budsjett i årsmøte

Framlegg frå styret for SYRIL Fotball til årsmøtet om treningsavgifter for 2016:
(uendra frå 2015)

- Senior herrar kr. 3 000 (endra 2012) – inkludert medlemskontigent
- Senior damer kr. 2 400 (ny 2015 + 100,- kr) – inkludert medlemskontigent
- Aldersbestemtkr. 1 650 (ny 2015 + 10% frå 2014)
- Aldersbestemt
9-10 år kr. 600 (nytt frå 2014)
- Miniputtfootball kr. 500 (endra frå 400,- kr sett i 2012)
- Støttespelar rekrutteringslag 800,- (ny 2015 + 50 kr) inkl medlemskontigent

Budsiettforslag 2016 Svril fotball

Inntekter:	Kiosksalg-billetter	85 000,00	
	Reklame sponsor	10 000,00	
	Kalendarsalg	25 000,00	
	Inntekt turneringar	60 000,00	
	Treningsavgifter	300 000,00	
	Dugnadsinntekt	10 000,00	
	sum inntekter	490 000,00	490 000,00
Utgifter:	Varekjøp kiosk	10 000,00	
	Lønningar m.bilg.gj.	90 000,00	
	Leige lokaler	15 000,00	
	El.straum	15 000,00	
	Diverse utstyrskostn.	85 000,00	
	Drift vedlikeh.anlegg	10 000,00	
	Utgift turneringar	40 000,00	
	Domarutgifter	25 000,00	
	Møte, kurs oppdatering	5 000,00	
	Drift Syrilbuss	85 000,00	
	Reiseutgifter	5 000,00	
	Kontingent krins, forbund	75 000,00	
	Forsikring lisensar	15 000,00	
	Andre driftsutgifter	10 000,00	
		485 000,00	485 000,00
	Resultat		5 000,00

ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015

Lag: A-lag senior (5. divisjon)

Trenarar i år har vore:

Leiv Inge Fimreite, hovudtrenar.

Geir Ove Røysum og Kai Henning Slinde, assistenttrenarar

Lagleiar har vore:

Gunnar Söderholm

Desse spelarane har vore med på laget i år.

Sjå vedlegg med oversikt over kampar, mål etc. Vi har totalt brukt heile 27 spelarar på dei 14 seriekampane. 11 av desse er under 20 år. Vi hadde soleis eit svært ungt lag i år, men heldigvis var det og med nokre viktige, rutinerte spelarar.

Av dei unge hadde vi fleire debutantar på A-laget:

- Anders Magnus Walaker, keeper som stod 9 kampar
- Kristian Berg som scora sitt først mål på A-laget som 14 åring
- Stian Sælid Njøs som spela heile 13 kampar (1 mål)
- Erlend Henjesand (2 kampar)
- Brage Asperanden Navarsete (1 kamp)

Spelargruppa var nokså stabil gjennom sesongen. Unntaket var Sondre Söderholm som slutta etter vårsesongen. Inn kom Erlend Orrestad Nilsen.

Sportslege aktivitetar

Det var faste treningar frå januar 3 gonger i veka. I kampsesongen vart det og gjennomført tre treningar i veka. Treningsoppmøtet var bra i vinter og vår, men sank noko i sommar og i haust. Vi hadde eit godt treningsopplegg og støtteapparat denne sesongen. Leiv Inge hadde eit godt grep om treningane og det var mange spelarar som heva seg. Tilbakemeldingane frå spelarane om treningsopplegget er svært gode! Det var og positivt å ha med to hjelpetrenarar (Geir Ove som hadde ansvar for keepertreninga) og Kai Henning (som og leia nokre av kampane). Vi hadde intensjonar om eit tett samarbeide med gutelaget, men dette kunne ha fungert betre. Vi hadde td ingen fellestreningar gjennom sesongen.

Tabell for sesongen:

Plass	Lag	Kamper	Hjemme				Borte				Total					Poeng
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	Diff	
1	Gaular	14	5	0	2	23 - 15	6	0	1	30 - 10	11	0	3	53 - 25	28	33
2	Sogndal 4	14	6	0	1	28 - 9	4	0	3	26 - 19	10	0	4	54 - 28	26	30
3	Syril	14	6	0	1	27 - 9	3	1	3	22 - 13	9	1	4	49 - 22	27	28
4	Balestrand	14	4	1	2	23 - 17	4	0	3	13 - 11	8	1	5	36 - 28	8	25
5	Bjørn	14	4	1	2	20 - 6	2	1	4	15 - 17	6	2	6	35 - 23	12	20
6	Jotun /ÅTIL/Årdal 2	14	3	1	3	13 - 14	2	0	5	13 - 24	5	1	8	26 - 38	-12	16
7	Askvoll/Holmedal	14	2	0	5	9 - 29	1	1	5	11 - 24	3	1	10	20 - 53	-33	10
8	Hyllestad /Dale 2	14	0	0	7	10 - 38	1	0	6	7 - 35	1	0	13	17 - 73	-56	3

Sesongen sett under eitt var oppløftande, og vi enda på tredje plass, den beste plasseringa på fleire år. Vi kjempa gjennom heile sesongen i teten og fram til nest siste kampen (mot Årdal) var opprykksmulighetane der. Kampen mot Årdal var spanande, men vi tapte til 2-3.

Poengsnittet pr kamp var sterke 2 poeng. Vi fekk nokre langtidsskadde spelarar som svekka oss i nokre kampar.

Syrl sine kampar:

HJEMMELAG	RES.	BORTELAG
Syrl	5 : 1	Sogndal 4
Gaular	2 : 0	Syrl
Syrl	8 : 0	Hyllestad /Dale 2
Syrl	2 : 0	Balestrand
Askvoll/Holmedal	0 : 5	Syrl
Bjørn	3 : 1	Syrl
Syrl	3 : 0	Jotun /ÅTIL/Årdal 2
Sogndal 4	0 : 3	Syrl
Syrl	2 : 6	Gaular
Syrl	4 : 2	Askvoll/Holmedal
Balestrand	1 : 1	Syrl
Syrl	3 : 0	Bjørn
Jotun /ÅTIL/Årdal 2	3 : 2	Syrl
Hyllestad /Dale 2	4 : 10	Syrl

Toppscarar vart Helge Eggum med 7 mål på 8 kampar. Flest kampar hadde Ole-Morten Søderholm og Espen Røysum som spelte samtlege 14 kampar.

Dugnader

Nokre av spelarane har vore med på dugnader på bana og i Saften, stor flyttedugnad for Statens vegvesen og blomsterutkøyring før jul. Dugnadsånda kunne vore større, men A-laget har absolutt bidrege som dei skal!

Erlend Husabø som sit i styre som representant for A-laget har gjort ein stor innsats rundt å få på plass ulik dugnadsinnsats rundt heimekampane.

Sosiale aktivitetar

Det vart ikkje arrangert avslutningsfest etter sesongslutt.

Utfordringar for neste sesong

Leiv Inge Fimreite fortsetter som hovudtrenar og Gunnar Søderholm fortsetter som lagleiar.

Hjelpetrenarar er for øyeblikket ikkje på plass, men dette vert det jobba med.

Spelarstallen er på 18-20 spelarar, så alt ligg godt til rette for ein god 2016-sesong. Vi trur og at det vil bli eit godt samarbeide med gutelaget i år.

Utfordringa er at treningsforholda ikkje er så gode så lenge vi har vinter og snø på kunstgrasbana og treningsfeltet ved ungdomsskulen.

Oppsummering

Det sportslege resultat var betre enn forventa. Det har vore ein positiv sesong med mange gode unge spelarar som fortsatt vil utvikle seg. Treningsoppmøte kunne og burde vore betre i delar av sesongen. Det er positivt at dei fleste spelarane er med vidare. Med god treningsinnsats er det gode utsikter for 2016 og framtidige sesongar..

Vedlegg, kampar og mål

5. divisjon Syril 2015													
		Kamper	Mål	Raudt kort	Gult kort	Kamper	Mål	Raudt kort	Gult kort	Kamper	Mål	Raudt kort	Gult kort
Namn													
Espen Røysum		7	4			7	1		1	14	5		1
Ole Morten Søderholm		7	1			7	0			14	1		
Stian Njøs		6	0			7	1			13	1		
Jørgen Breisnes		6	2			7	3		1	13	5		1
Marius Aaberge		6	3			7	0			13	3		
Ole Henrik Myklebust		7	0			6	0			13	0		
Ragnar Brevik		7	0		1	5	0			12	0		1
Olav Henjum		6	1			5	3			11	4		
Dag Are Relling		5	0		1	5	1			10	1		1
Steinar Henjum		7	4		1	3	0			10	4		1
Kristian Berg		6	1			3	1			9	2		
Anders Magnus Walaker		3	0			6	0			9	0		
Jan Tore Slinde		3	3			6	3			9	6		
Vegard Røysum		4	0			5	3			9	3		
Erlend Husabø		2	0			6	0			8	0		
Helge Eggum		5	5	1	1	3	2			8	7		1
Sondre Søderholm		7	0				0			7	0		
Tord Næss		3	0			1	0			4	0		
Erlend Orreстаad Nilsen			0			4	6			4	6		
Helge Nesse Slinde		3	0		1		0			3	0		1
Eivind Røysum		1	0			1	0			2	0		
Stian Dokken Skarsbø		2	0		1		0			2	0		1
Aslak Rockwell Djupedal		2	0				0			2	0		
Erlend Henjesand			0			2	0			2	0		
Brage Asperanden Navarsete			0			1	0			1	0		
Håvard Lefdal Hove			0			1	0			1	0		
Kai Henning Slinde			0			1	0			1	0		

1.ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015

Lag: GUTAR 15/16

Trenarar i år har vore: Rune Wolff, Endre Navarsete, Rune Henjesand, Ole Inge Gjerald
Lagleiar har vore: Kjetil Berg

Desse spelarane har vore med på gutelaget i år. Anders Magnus Walaker, Andreas Mjelstad, Trygve Brendehaug, Brage Asperanden Navarsete, Markus Jakobsen, Erlend Henjesand, Stian Njøs, Kristian K. Berg, Christer Gjerald, Robin Nedrehagen, Andre Talle, Joshua Singdahlsen, Brigit Røysum, Markus Asperanden Hauge, Noah Kidane, Erik Himle Johnsen, Magnus Wolff.

Sportslege aktivitetar

- Treningar
- Laget starta sesongen med 2 treningar i veka i gymsalen på ungdomskulen. Etter nokre måkedugnadar vart treningane flytt ut på kunstgraset
- Det har stort sett vore 2 treningar i veka gjennom heile sesongen,
- Resultat / tabell for sesongen
- Me melde på eit 11ar lag i 1. div. Vårsesongen viste mykje bra ,og resultatet vart 5 singlar og 3 tap med målforskjell 29-18, og 2.plass etter Førde. Dette kvalifiserte laget til 1. div haust.
- Haustsesongen vart litt tråare poengmessig med 1 siger 2 uavgjort og 7 tap med målforskjell 27-38 ,og sisteplass . Det var 10 stort sett jamne kampar med mykje god kamptrening mot dei beste laga i fylket
- Laget har nytta spelarar frå både jentelaget og smågutelaget i sesongen
- Cupar
- Begge årskull på gutelaget kvalifiserte seg til K M sluttspel innandørs
- 99 gruppa vart utslept i gruppespelet
- 00 gruppa vart kretsmeistarar i sin klasse
- Gutelaget deltok på Hamar Maxsicup 21-23 aug. Me reiste med 14 spelarar inkl. 2 overårige (Olav Henjum og Tord Ness)
- Etter tap i første kamp vann laget resten av kampane, og tok 1. plass.
- Kretsaktivitet
- Me har hatt 4 spelarar på kretstiltak denne sesongen
- Christer Gjerald 99
- Andre Talle 00
- Kristian K Berg 00
- Magnus Wolff 01
- Ferdigheitsmerke
- Ingen merketaking
- Andre sportslege aktivitetar
- Fleire gutespelarar har hospitert med andre lag på ymse cupar
- Christer G 99. med Sogndal på Norway cup
- Andre T 00 , Magnus W 01 med jotun på Gotiacup
- Brage A N 00 og Kristian K B 00 med Sogndal på Hamar talent cup
- Magnus W 01 med Sogndal på Hamar talent cup
- I tillegg har det kome spørsmål om fleire, som av ymse grunnar har måtta takka nei
- Gutelaget har og hatt 3 spelarar frå 00. og 1 spelar frå 01 på sonelag og team Sogn
- Fleire av spelarane har delteke på Nils T Krosshaug sine morgontreningar og samlingar på tvers av alder og kjønn

Sosiale aktivitetar

Taco kveld på barneskulen i lag med jentelaget

Sesongavslutning på jakt og fiskehytta ,med mat og landskamp på storskjerm

Utfordringar for neste sesong

Få spelarar att av 2000 gruppa som blir eldste års gutespelarar.

At ordninga for spelarar som treng større utfordringar blir tolka likt av alle årskull

Setta opp treningstider ut frå kampdagar, og slik at overnevnte ordning kan fungera. ikkje ut frå ønske

Oppsummering

Det har vore ein kjekk sesong!

2. ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015

Lag: Jenter 15/16

Trenarar i år har vore: Stein Vangsnes og Trude Risnes. Gjestetrenarar: Anders Hjeltnes, Brage Johannes Yndesdal (keepertrenar). Trenarar som har vore med ved behov: Rune Henjesand og Tony Borlaug.

Lagleiarar har vore: Gro Linde, Ann Louise Fossøy, Elin Falkgjerdet

Desse spelarane har vore med på J15/16 laget i år:

Jenter f.99 (J16)

Malin Sæbø Nes

Helene Risnes Wolff

Kristine Linde Røyseth

Ida Bjørk

Ane Bjørk

Ingvild Fridtun

Mari Felde Liljedal

Linda Volldal Lekven (vårsesongen)

Siri Fossøy

Marit Rygg Fredheim

Tuva Ulveseth Kvalsøren

Niat Ogbai

Jorun Yri

Diljin Ali

Jenter f.2000 (J15)

Julianne Fossberg

Stine Gjerde

Kristi Vangsnes

Margrete Mollan Breisnes

Amalie Wathne Nedrehagen

Siv Hickman

Malin Næss Frækaland

Maria Fosshagen

Jenter 13/14 som har hospitert opp på jentelaget:

Jenter f.2001:

Andrea Henjesand

Synne Gjerde

Amalie Dimmen Henjum

Gunvor Hamre Nornes

Sara Felde Liljedal

Tina Therese Heggstad

Hanna Krosshaug (vårsesongen)

Jenter f.2002:

Vilde Oppedal Jacobsen

Dina Krosshaug

Veronica Borlaug

Sportslege aktivitetar

Treningar: Etter 2014 sesongen, frå slutten av november var det tilbod om ferdigheitstrening med Nils Tore Krosshaug ein dag i veka på kunstgrasbana.. Her deltok Jorun, Ida, Stine, Kristi og Siv frå jentelaget.

I tillegg var det eit ope treningstilbod for fleire årsklassar samla ein dag i veka.

Frå januar – mars har Nils Tore hatt akademitrening (morgontrening) inne i Saften. Tilbod for gutar og jenter -99, -00 -01 og -02.

Frå januar starta vi opp med 1-2 treningar i gymsalen på ungdomsskulen/saften fram mot KM innandørs.

Uttreningane starta opp i midten av mars. Vi hadde gjennom sesongen tre treningar a 1,5 time pr.veke. To obligatoriske og ein frivillig. På vårsesongen har oppmøte vore veldig bra, litt meir varierende på høstsesongen. Trenarane har organisert treningane på ein god måte og vore godt førebudde på treningar og kampar.

Stine, Kristi og Siv har hospitert på nokre treningar med SIL damelag i vinter. Dei same jentene har fått tilbod og delteke på treningar med Kaupanger sitt damelag på hausten. I tillegg har dei hospitert på treningar og kampar for Syril sitt gutelag.

Vi stilte med to lag denne sesongen, eit 11ar lag og eit 7ar lag.

Kampdagar: Måndagar for 11ar laget og onsdagar for 7/9ar laget.

Resultat m/ tabell for sesongen 2015:

11ar laget:

1	Syril J 15/16 11	14	6	0	1	41 - 6	6	0	1	17 - 2	12	0	2	58 - 8	50	36
2	Eid J 15/16 11	14	6	0	1	42 - 2	4	1	2	14 - 10	10	1	3	56 - 12	44	31
3	Bjørn J 15/16 11	14	5	0	2	22 - 7	4	1	2	25 - 11	9	1	4	47 - 18	29	28
4	Førde J 15/16 11	14	2	3	2	12 - 11	3	1	3	11 - 25	5	4	5	23 - 36	-13	19
5	Vik J 15/16 11	14	4	1	2	15 - 12	1	2	4	8 - 27	5	3	6	23 - 39	-16	18
6	Sogndal J 15/16 11	14	3	1	3	25 - 22	2	0	5	8 - 24	5	1	8	33 - 46	-13	16
7	Årdalstangen J 15/16 11	14	2	1	4	10 - 20	2	0	5	8 - 34	4	1	9	18 - 54	-36	13
8	Kaupanger J 15/16 11	14	0	0	7	3 - 16	0	1	6	5 - 37	0	1	13	8 - 53	-45	1

Vi vart avdelingsvinnarar i 11ar serien. Her skulle dei fire beste laga spele om KM tittelen. Syril spelte to semifinalar mot Førde, heime og borte, der sluttresultatet på dei to kampene vart 11-2 til Syril. Vi var klare for finale mot Bjørn. Finalen vart spelt på Syril Stadion og Syril jentene vann heile 6-0 og kan smykke seg med tittelen: KM meistarar i klassen J15/16 11ar 2015. Gratulera.

7/9ar laget:

1	Syril J 15/16 9/7	12	6	0	0	61 - 10	5	0	1	43 - 9	11	0	1	104 - 19	85	33
2	Jølster J 15/16 9/7 1	12	6	0	0	55 - 10	2	0	4	30 - 24	8	0	4	85 - 34	51	24
3	Jotun J 15/16 9/7	12	4	0	2	34 - 19	3	1	2	30 - 14	7	1	4	64 - 33	31	22
4	Jølster J 15/16 9/7 2	12	2	1	3	17 - 36	1	0	5	8 - 65	3	1	8	25 - 101	-76	10
5	Førde J 15/16 9/7	12	0	0	6	4 - 41	0	0	6	5 - 59	0	0	12	9 - 100	-91	0
6	Aurland J 15/16 9/7	0	0	0	0	0 - 0	0	0	0	0 - 0	0	0	0	0 - 0	0	0

Vi vart avdelingsvinnarar i 7/9ar serien og dermed klare for KM sluttspel mot avdelingsvinnaren i Sunnfjord som var Tambarskjelvar/Eikefjord og avdelingsvinnaren i Nordfjord som var Stryn. KM sluttspellet vart gjennomført som ein enkel serie, og vart spelt som 9ar fotball.

Resultat: Syril –Tambarskjelvar/Eikefjord 14-2

Stryn – Syril 3-3

Samanlagt hadde vi mest poeng og kunne her og smykke oss med tittelen: KM meistarar i klassen J15/16 9ar 2015. Gratulera.

Cupar

KM-innandørs:

Kvalifiseringsspel Leikangerhallen 8.februar:

J15 stilte med eit lag og var i pulje med Sogndal, Vik 1 og Vik 2. Med tre seierar og eit tap var dei klare for sluttspel på Sandane 7.mars.

J16 stilte med to lag og var i pulje med Sogndal og Jølster. Syril 1 vann to kampar og spelte ein kamp uavgjort medan Syril 2 spelte tre uavgjort kampar. Begge lag kom vidare til sluttspel på Sandane 8.mars.

Sluttspel Sandane 7. og 8.mars:

J15 var i pulje med Tambarskjelvar, Jotun og Førde i dei innleiande rundane.

Resultat: Førde - Syril 0-0
Tambarskjelvar - Syril 1-0
Syril – Jotun 2-0

Syril klarte å komme seg vidare til semifinale på målforskjell. Dei møtte Bjørn i semifinalen og vann 2-1 og var klare for finale mot Eid.. Det stod 0-0 etter full tid, men diverre tapte Syril på straffespark 4-5. Syril sine J15 vart då nr.2 i KM innandørs fotball 2015.

Dei to laga i J16 års klassen spelte innleiande rundar i kvar si avdeling.

Avd.1: Bjørn, AHIL, Stryn, Hornindal, Syril 2

Avd.2: Eid, ÅTIL, Dale, Sandane, Syril 1

Resultat Syril 2: AHIL – Syril 2 3-0

Syrl 2 – Stryn	0-2
Bjørn – Syril 2	3-0
Hornindal – Syril 2	0-1

Med tre tap og ein seier kom dei ikkje vidare.

Resultat Syril 1:	Sandane – Syril 1	0-2
	Syrl 1 – Eid	2-0
	Dale – Syril 1	0-3
	Syrl 1 – ÅTIL	1-1

Med tre seierar og ein uavgjort kamp vart det semifinalen på Syril 1 mot Bjørn, dei tapte kampen 1-2. Spelte bronsefinale mot Eid og vann 4-0.

Syrl 1 J16 vart nr.3 i KM innandørs fotball 2015.

Sør Cup: 19 av jentene reiste til Kristiansand på Sør Cup 23.-28.juni og stilte med eit 11ar lag i klassen J16 år. Vi spelte fem innleiande kampar.

Resultat:	Syrl – Randesund	0-5
	Syrl – Mathopen	3-0
	Lillesand – Syrl	0-1
	Syrl – Skudenes	3-1
	Nanset/Kvelde – Syrl	1-0

Med dette resultatet var Syril klar for Cup spel i A-sluttspillet. Syril møtte Lillesand i semifinalen og vann 1-0 og klar for finalespel mot Randesund på Sør Arena.

Jentene vann finalen 1-0 og vart vinnar av Sør Cup i klassen J16. Gratulera.

Ein glad gjeng:



Kretsaktivitet:

Siv, Kristi og Stine har delteke på kretssamlingar gjennom heile året. Siv har og delteke på TEAM Sogn og Fjordane, ei elitesatsing for jenter -99 og 2000. På hausten vart Kristi og tatt ut på TEAM samlingar.

Andre sportslege aktivitetar:

I mars månad spelte vi treningskamp mot damelaget til Balestrand på Syril Stadion.

Før serien starta deltok jentelaget på Jentefotballens dag på Kaupanger, (11.april). Der spelte vi treningskamper mot Kaupanger, ÅTIL, Sogndal og Jotun.

Jentelaget melde på eit lag til kvalifiseringsspel til NM telenor Cup.

Første semifinale spelte vi mot ÅTIL og vann 11-1, gjekk vidare og spelte andre semifinale mot Bjørn der vi tapte 5-2. Snipp snapp snute, då var vi ute.

Jentelaget stilte med eit lag på kretsmesterskapet i Futsal senior i Førde 5.desember.

Ferdigheitsmerke: Det har ikkje vore avholdt ferdigheitsmerke da dette ikkje har vore prioritert. Imidlertid har det

vore holdt ulike ferdigheitstestar i løpet av sesongen for å sjå utviklinga hos den enkelte spelar.

Dugnader:

Foreldre til J15/16 har stilt på dugnad under KM - innandørs fotball som var arrangert i Leikangerhallen, forefallande arbeid rundt kunstgrasbana, flyttedugnad for Statens Vegvesen, kioskvakter under heimekampar. Nokre av jentene var og med på ombyggingsdugnad for Kiwi. I tillegg har vi plukka boss på og rundt kunstgrasbana.

Jentelaget med Stein i spissen har jobba fram tilbod på ein treningspakke av Røysumèn.

Alle jentene benytta seg av dette tilbodet.

Sosiale aktivitetar:

Jentelaget starta for fullt oppkøyring til seriestart frå april månad.

Jente og gutelaget vart samla i mediateket på barneskulen til sosial kveld der det vart servert taco til kvelds.

Hautsesongen starta med ein kjekk «blåtur». Turen gjekk til Kleppa der det vart arrangert leirdueskyting, grilling av pølser og hamburgerar. Til dessert vart det servert sjokoladecake og bringebær. NamNam....

I november arrangerte trenarar og lagleiarar avslutning for heile spelargruppa på Sognefjord Hotel. Her blei det servert lasagne m/tilbehør og vi gjekk gjennom årets fantastiske sesong. Det var utdeling av diplomar og helsing frå styre i klubben. Ei stor overrasking til jentene var videohelsing frå Elise Thorsnes og fleire av spelarane på Avaldsnes. Kvelden blei avslutta med fyrverkeri, kake, champagne og «filmkavalkade» for årets sesong og dette blei godt motteke. Takk til Arild Bjørk som laga filmen.

Utfordringar for neste sesong:

Å klare å få alle spelarane til å bli med vidare, behalde breidda og ta vare på toppane.

Oppsummering:

Resultatmessig har jentene hatt ein kjempeseson.

2. og 3. plass i KM innandørs fotball, 1.plass på Sør Cup, avdelingsvinnar og kretsmeister i 11ar fotball, avdelingsvinnar og kretsmeister i 9ar fotball. Det har vore ein sesong der det har skjedd mykje, både sportsleg og sosialt og veldig mykje kjekt.

Vi vil takke trenarar/leiarar på småjentelaget for veldig godt samarbeid og samarbeidet vi har hatt med gutelaget gjennom Rune Wolff.

Når vi gjer det så bra som jentelaget har gjort det i år blir sesongen veldig lang, så vi vil gi ei stor takk til Pia Hickman for det gode samarbeidet vi har hatt med handballen.

Til slutt vil vi takke trenarane for godt samarbeid. Vi veit at sluttspurten har vore både tøff og krevjande, men det har trenarane utført på ein glimrande måte. Så takk til Trude og Stein for vel utført trenarjobb gjennom heile sesongen.

Takk også til foreldre som har stilt opp på foreldreoppgåver de vert tildelt.

Lykke til vidare.

Erling Røysum as

SPORT 1
SINCE 1988

Tilbod Syril Fotball – Jenter

TSKJORTE:

Umbro Cody t-skjorte. Veil. kr 200,-



164 / XS-XXL



S-XXL

Bukse:

Umbro Vision Tr. Pant Veil. kr 350,-/400,-



164 / XS-XXL

SHORTE:

Umbro Vision shorts. Veil. kr 250/300



164 / S-XXL

BAG:

Umbro City Player. Veil. kr 400,-



STRUMPE:

Umbro Ronaldo. Veil. kr 300,-



35-39/40-44

PAKKE 1:

2	Cody t-skjorter
2	Ronaldo strømper
3	Vision shorts
1	Vision bukke
1	Bag
Ordinær kr 1700,- PAKKEPRIS KR. 1150	

PAKKE 2:

2	Cody t-skjorter
2	Vision shorts
1	Bag
Ordinær kr 1100,- PAKKEPRIS KR. 750	

Alle produkt kan påtrykkes navn, initialer og nummer.



ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015 G14 – 2015

Spelarar: Adrian Husabø Thue, Joakim Elde Walaker, Ørjan Langeteig, Martin Strømseng Opthun, Sigurd Myklebust, Eirik Njøs Mardal, Magnus Risnes Wolff, Amund Bäckström Vikdal, Hans Kristian Midtun Aaberge, Sigurd Mellingen, Kasper Foss Johannesen, Mathias Fossberg, Ingemår Fosshagen og Joakim Solheim (14 stk.)

Trenarar: Rune Njøs og Terje Fosshagen

Treningar: 2 treningar i veka. Eine treningen var G12 ilag med oss.

Kampar: me hadde meldt på eit 11'ar lag. Me lånte med oss nokre spelarar frå 02 og 03 til kampane.

PLASS	LAG	KAMPER	HEMME				BORTE				TOTAL					POENG
			V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	DIFF	
1	Førde G 13/14 11 1	14	6	1	0	61 - 7	6	1	0	44 - 6	12	2	0	105 - 13	92	38
2	Flørø G 13/14 11 1	14	6	0	1	58 - 5	5	1	1	57 - 15	11	1	2	115 - 20	95	34
3	Sogndal G 13/14 11	14	4	2	1	21 - 10	3	1	3	25 - 23	7	3	4	46 - 33	13	24
4	Flørø G 13/14 11 2	14	4	1	2	15 - 21	2	2	3	18 - 24	6	3	5	33 - 45	-12	21
5	Førde G 13/14 11 2	14	5	0	2	30 - 26	1	2	4	13 - 35	6	2	6	43 - 61	-18	20
6	Jotun G 13/14 11	14	2	2	3	16 - 35	0	1	6	6 - 39	2	3	9	22 - 74	-52	9
7	Syril G 13/14 11	14	2	2	3	16 - 39	0	0	7	11 - 55	2	2	10	27 - 94	-67	8
8	Høyang G 13/14 11	14	2	0	5	14 - 36	0	0	7	5 - 34	2	0	12	19 - 70	-51	6

Innandørs KM: me stilte med 1 lag under KM. Me kom vidare til sluttspilet i Sandane

Norway cup: me stilte med 2 jevnbyrdige 7'ar lag under årets Norway cup. Samtlige av 14-åringane var med, i tillegg brukte me 4 underårige spelarar. Dette for å kunne klare å stille med 2 lag, og dermed gi alle masse speletid. Ingen pokal på oss, men ei kjekk fotballveke der alle spelararane og ein del foreldre/sysken budde på Haraldsheimen.

Futsal: me stilte med 1 lag på futsal turneringen i november. I forkant av turneringen som trente me inne i hallen 2 gonger i veka ilag med 03 gutane.

Marianne Husabø
-lagleiar

3. ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015

Lag: J13/14- 9ar og J13/14 -7ar

Trenarar i år har vore:

Perny Dimmen
Tone Oppedal
Tony Borlaug

Hjelpetrenara:

Steinar Henjum og Sven-Eirik Heggstad

Lagleiar har vore:

Eva Hamre 9`ar
Elin Flatabø 7`ar

Desse spelarane har vore med på J13/14laget i år.

Gunnvor Hamre Nornes 01 Andrine Elenni Nornes 01 Hanna Krosshaug 01 Tina Therese Heggstad 01 Trine Humlestøl Njøs 01 Synne Gjerde 01 Amalie Dimmen Henjum 01 Marion Borlaug Orrestad 01 Amanda Skarsbø Opthun 01 Therese Foss Johannesen 01 Kristine Lidal Røysum 01 Sara Felde Liljedal 01 Andrea Henjesand 01	Amanda Marie Dyngen 02 Julie Røysum 02 Dina Krosshaug 02 Oline Flatabø Kleiven 02 Vilde Oppedal Jacobsen 02 Kamilla Menes Hove 02 Malin Thorsnes 02 Ida Maria Bruheim Borlaug 02 Veronica Borlaug 02
---	--

Sportslege aktivitetar

PL	LAG	KAMPER	HJEMME				BORTE				TOTAL				POENG	
			V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	DIFF	
1	Sogndal J 13/14 9 1	10	4	0	1	22 - 3	5	0	0	26 - 4	9	0	1	48 - 7	41	27
2	Syril J 13/14 9	10	3	1	1	18 - 8	4	1	0	12 - 3	7	2	1	30 - 11	19	23
3	Vik J 13/14 9	10	2	1	2	9 - 10	1	1	3	4 - 17	3	2	5	13 - 27	-14	11
4	Jotun J 13/14 9	10	1	3	1	12 - 15	1	1	3	8 - 11	2	4	4	20 - 26	-6	10
5	Kaupanger J 13/14 9	10	1	0	4	4 - 16	1	1	3	6 - 13	2	1	7	10 - 29	-19	7
6	Sogndal J 13/14 9 2	10	2	0	3	10 - 12	0	1	4	8 - 27	2	1	7	18 - 39	-21	7

Vi starta sesongen med innandørs KM i februar/mars. J13 (1 lag) og J14 (2 lag) var med på innleiande runder i Leikangerhallen. J14 kom vidare til sluttspillet på Sandane med det eine laget sitt, der vi til slutt stod att som vinnarar av KM innandørs 2015. I mars 2015 deltok vi med eit 7`ar lag og eit 9`ar lag på Jentefotballens dag på Kaupanger der vi møtte lag frå heile regionen til treningskampar og sesongoppkøyring. Hausten 2015 har J13 og J14 stilt med kvart sitt lag i futsalturneringar i Sogn.

Utesesesongen starta opp med treningar i slutten av mars. Vi har hatt treningar måndagar og torsdagar på kunstgrasbana ved Leikanger barneskule denne sesongen. Kampdagane har vore på fredagane for 7`ar laget og tysdagar for 9`ar laget. Vi har hatt ein rulleringsplan på kampaktiviteten vår, slik at alle fått spele på begge laga, både 7`ar og 9`ar.

Resultat vår 9`ar laget:

Resultat haust 9`ar laget, 1. divisjon på hausten. Laget enda til slutt på 3. plass:

PL	LAG	KAM	HEIME				BORTE				TOTAL				POENG	
			V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	DIFF	
1	Sogndal J 13/14 9 1	10	4	1	0	24 - 3	5	0	0	16 - 2	9	1	0	40 - 5	35	28
2	Eid J 13/14 9	10	3	1	1	10 - 5	3	1	1	11 - 6	6	2	2	21 - 11	10	20
3	Syril J 13/14 9	10	3	1	1	13 - 4	0	4	1	4 - 5	3	5	2	17 - 9	8	14
4	Førde J 13/14 9 1	10	1	2	2	3 - 6	1	1	3	7 - 9	2	3	5	10 - 15	-5	9
5	Stryn J 13/14 9 1	10	2	1	2	7 - 8	0	1	4	1 - 16	2	2	6	8 - 24	-16	8
6	Førde J 13/14 9 2	10	1	1	3	4 - 17	0	0	5	4 - 23	1	1	8	8 - 40	-32	4

Resultat vår/haust 7`ar laget. 7`ar laget hamna til slutt på 4. plass:

LAS S	LAG	KAMPER	HJEMME				BORTE				TOTAL				DIFF	POENG
			V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL		
1	Lærdal J 13/14	12	5	0	1	32 - 16	4	1	1	34 - 18	9	1	2	66 - 34	32	28
2	Bjørn J 13/14 7	12	4	0	2	48 - 16	5	0	1	35 - 21	9	0	3	83 - 37	46	27
3	Aurland J 13/14 7	12	5	0	1	29 - 16	4	0	2	25 - 24	9	0	3	54 - 40	14	27
4	Syril J 13/14 7	12	3	0	3	44 - 23	3	1	2	36 - 27	6	1	5	80 - 50	30	19
5	Hafslo J 13/14 7	12	2	3	1	30 - 29	2	0	4	18 - 39	4	3	5	48 - 68	-20	15
6	Vik J 13/14 7	12	0	1	5	14 - 29	1	1	4	11 - 33	1	2	9	25 - 62	-37	5
7	Årdalstangen J 13/14 7	12	0	0	6	17 - 44	0	1	5	14 - 52	0	1	11	31 - 96	-65	1

Cupar

Laget har gjort det svært godt under dei cupane dei har vore med på i sommar. J14 vann Norway Cup i klasse V J14, 7`ar. Alle 2001-jentene deltok på cupen. Laget gjekk heilt til topp og vann finalen mot Blindheim 1-0 som dei spela på Ekebergsletta 31. 07. 2015! Ein

prestasjon det står respekt av!



Alle 2002- jentene og to 2001-jenter deltok på Ål-cup i august 2015. Der vann dei sin klasse - J1413 7`ar etter å ha vunne finalekampen i A-sluttspillet mot Vaksdal 2-0. Sidan dette var tredje år på rad at j1314 Syril vann denne klassen på Ål-cup, blei vandrepokalen med heim til Leikanger!

Gratulere igjen til dei flotte og dyktige fotballjentene på SYRIL sitt J13/14-lag for to flotte cupsigrar!

Kretsaktivitet

Frå 2002 har Dina Krosshaug og Vilde Oppedal Jacobsen delteke på sonelag Sogn denne sesongen. Frå 2001 har Andrea Henjesand og Synne Gjerde vore på kretssamling. I tillegg har Andrea Henjesand, Synne Gjerde, Hanna Krosshaug, Gunvor Hamre Nornes og Sara Liljedal vore med på akademitrening og turnering. Tina Therese Heggstad, Amalie Dimmen Henjum og Andrine Nornes fekk prøva seg på akademitreninga på slutten av året.

Hospitering

Fleire av J1314-spelara har vore med på aktivitetar med J15/16 denne sesongen. Det har vore Gunvor Hamre Nornes, Amalie Dimmen Henjum, Andrea Henjesand, Synne Gjerde,

Sara Liljedal, Hanna Korsshaug, Tina Therese Heggstad, Vilde Oppedal Jacobsen, Dina Krosshaug og Veronica Borlaug



Utfordringar for neste sesong

Ei utfordring er å få til ei betre ordning for hospitering opp på dette laget. Det fekk vi for liten grad til i år. Ei anna utfordring er å halda på breidden, samstundes som ein gir eit godt trenings- og kamptilbod til dei som ynskjer å satsa meir på fotball.

Oppsummering

Sesongen vart avslutta med sesongavslutningsfest for alle spelarane, trenarane og lagleiarane på Knausen. Til slutt ynskjer vi å takka spelara, trenara og foreldre for godt samarbeid denne sesongen.

Leikanger 25.11.15 -

Eva Hamre og Elin Flatabø

4. ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015

Lag: G13 (f. 2002)

På smågut i år har vi hatt to lag – eit 11'ar-lag og eit 9'ar-lag som i stor grad har vore drifta separat. 11'ar-laget har hovudsakleg vore samansett av G2001-spelarar og 9'ar-laget hovudsakleg av G2002-spelarar. Denne meldinga omfattar G-2002 og 9'ar-laget sin aktivitet.

Trenarar i år har vore:

Eyvin Søltnæs, Ole Erik Grinde og Karl Erik Johnsen. Brage Johannes Sterri Yndesdal var med som keepertrenar i vårsesongen.

Lagleiar har vore:

Heidi Sandvik

Desse spelarane har vore med i G13-gruppa i år.

Per Bjørk, Olav Himle Johnsen, Sigurd Næss, Per Sandvik Søltnæs, Gard Grinde, Kristian Fardal Hagheim, Sander Sælid Njøs, Torbjørn Strømseng Opthun, Sverre Linde Røyseth, Andreas Røysum, Delshad Khalil Ali, Marcus Servold og Denis Pawel Zwolinski. Dei to siste, som begge var keeperar, slutta til sommaren, sistnemnde pga flytting.

Sportslege aktivitetar

- Treningar

Vi har helde trening to gongar i veka heile året, så langt som mogleg, med unntak av dei viktigaste sommarferievekene. I serie-tida har vi hatt felles treningstider med G2001 og G2003 (ein dag i veka). Etter serieslutt i haust har spelarar frå G13 som er på sone- eller akademitiltak hatt tilbod om å trene med gutelaget, og tre spelarar har gjort det regelmessig.

- Resultat / tabell for sesongen

Laget var hovudsakleg samansett av G2002-gutar. På vår-kampane hadde vi med to-tre spelarar frå G14 på kampane; ein til to for å styrke laget, og ein til to for å gi spelaren eit eigna kamptilbod. Etter sommaren har vi jamnleg hospitert opp to frå G12, og i nokre kampar har vi brukt ein eller to frå G13 for å gi dei speletilbod. Sigurd Myklebust frå G14 har vore keeper på dei aller fleste kampane i haust. Samtidig har tre av G-13-spelarane vore med på mange av 11'ar-kampane gjennom heile sesongen.

G 13/14 9ar avd 1 vår

PLASS	LAG	KAMPER	HJEMME				BORTE				TOTAL					POENG
			V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	DIFF	
1	Vik G 13/14 9	7	4	0	0	29 - 5	3	0	0	29 - 6	7	0	0	58 - 11	47	21
2	Bjørn G 13/14 9	7	3	0	1	27 - 6	3	0	0	14 - 5	6	0	1	41 - 11	30	18
3	Sogndal G 13/14 9 1	7	1	1	2	9 - 12	3	0	0	16 - 3	4	1	2	25 - 15	10	13
4	Hafslø G 13/14 9	7	2	0	1	16 - 12	2	0	2	16 - 15	4	0	3	32 - 27	5	12
5	Syril G 13/14 9	7	2	0	1	19 - 9	1	0	3	8 - 23	3	0	4	27 - 32	-5	9
6	Sogndal G 13/14 9 2	7	1	0	2	9 - 13	1	0	3	3 - 21	2	0	5	12 - 34	-22	6
7	Lærdal G 13/14 9	7	0	0	3	4 - 9	1	1	2	13 - 21	1	1	5	17 - 30	-13	4
8	Jotun G 13/14 9	7	0	0	4	4 - 40	0	0	3	7 - 23	0	0	7	11 - 63	-52	0

G 13/14 9ar 2. div avd 1 haust

TERMINLISTE TABELL KONTAKTPERSONER																
PLASS	LAG	KAMPER	HJEMME				BÖRTE				TOTAL					POENG
			V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	DIFF	
1	Hafslo G 13/14 9	10	5	0	0	41 - 10	4	1	0	24 - 7	9	1	0	65 - 17	48	28
2	Sogndal G 13/14 9 1	10	3	0	2	24 - 9	3	0	2	14 - 20	6	0	4	38 - 29	9	18
3	Lærdal G 13/14 9	10	3	1	1	18 - 7	2	1	2	17 - 17	5	2	3	35 - 24	11	17
4	Syril G 13/14 9	10	1	2	2	11 - 18	1	1	3	10 - 18	2	3	5	21 - 36	-15	9
5	Jotun G 13/14 9	10	1	1	3	11 - 22	1	0	4	13 - 33	2	1	7	24 - 55	-31	7
6	Sogndal G 13/14 9 2	10	1	1	3	9 - 21	0	2	3	9 - 19	1	3	6	18 - 40	-22	6

- KM innandørs:

- Vi deltok med eit lag (5-ar) i innleiande runde. Alle fekk tilbod om å vere med. Laget gjekk ikkje vidare til sluttspel. Syril var arrangør, og G13 deltok på dugnad.

-

- Cupar:

Vi deltok på Grodås-cup før sommarferien og har deleteke på ein av to futsalturningar denne vinteren (dvs. nov/des). På futsalturninga melde vi oss på i 14-årsklassen, fordi vi hadde med keeper frå G14. Sju av G13-gutane hadde lyst å vere med på futsal-turneringane, og desse har også vore aktive på treningane etter serieslutt.

Tilbod om futsal-turnering har vore positivt for å motivere mange til å trene fotball i vinter. Dette er eit viktig tilbod for dei som ikkje driv med anna idrett om vinteren.

-

- Kretsaktivitet

Tre G2002-spelarar har vore med på kretsen si sonegruppe i år og har spelt ei eller fleire turneringar: Gard, Per S og Sander. Olav, Marcus og Denis deltok på / fotballskule/sonetreningar heile eller delar av våren. Syril har arrangert turneringar med sonedellaga (uttaksturnering til sone bruttotropp) og ein turnering mellom sonelaga for Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Vi deltok på dugnad.

- Ferdigheitsmerke

- Andre sportslege aktivitetar

Sosiale aktivitetar

Vi hadde sosial kveld/fotballkveld for heile gruppa siste fredagen i november. Vi har hatt fine sosiale opplevingar knytt til cupane vi har delteke på, særleg Grodåscup med overnatting på Nordfjord fritidssenter (kan anbefalast).

Utfordringar for neste sesong

Vi må saman med G2003 finne ut kva lag vi vil melde på til seriespel neste år. I 2015 vart det meir årsklassedelt enn det som nok var intensjonen frå begge årsgruppene i smågut. Meir differensiering frå ei samla gruppe kunne nok ha gitt betre tilpassa treningar til både dei som

satsar på å utvikle seg og dei som ønskjer eit breiddetilbod. Vi sakna eit 7-arlag som ville har vore rett kampnivå for ein del spelarar.

Komande år bør vi få til tydelegare differensiering ut frå ferdigheiter og treningsiver, slik at alle får trenings- og kamptilbod tilpassa sitt nivå. Det er viktig å få til gode hospiteringsordningar, slik at dei som er ivrige og er komne lengst kan få utvikle seg best mogleg. Treningsivrige 2002-spelalarar med gode ferdigheiter bør inkluderast i ei god treningsgruppe og få spele kampar med gutelaget G15/16).

Det er viktig å få tildelt tilstrekkeleg og eigna treningstider i hallen (eventuelt i gymsalen) i vinter og på kunstgraset i utesesongen.

Oppsummering

Det har vore ein kjekk fotballssesong. Gutane er stort sett flinke til å møte på treningar, og det har gitt fin sportsleg framgang for alle som har møtt jamnleg på trening.

Heidi Sandvik

Leikanger 15.12.15

5. ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015

Lag: Jenter 12 år påmeldt i sesongen med eitt 7år lag.

Trenarar i år har vore:

Mette Stokkenes
Magna Fondenes Vangsnes
Merete Lunde

Lagleiar har vore:

Ingvild Ølmheim
Maj Sissel Ølnes

Desse spelarane har vore med på J12 laget i år.

Katinka Lundheim
Camilla Røysum
Runa Vangsnes
Karoline Ølnes Hamre
Snit Ogbai
Emma Valvik Yttri
Kine Christensen Stokkenes
Synnøve Fosshagen
Silje Lunde Nesdal
Nora Henjesand
Dina Fossheim
Vilde Espe Brekken

Desse spelarane frå **J11** hospiterte på treningar og på kampar:

Beate Humlestøl Njøs
Ingrid Molvær
Pia Krosshaug
Ingeborg Knutsen Berg

Sportslege aktivitetar

Treningar

Måndag kl 17.30 – 19.00
Tysdag kl 17.00 – 18.30

Opent tilbod for J12 om å hospitere med J13/J14 når dette var muleg å få til. Enkelte har også hospitert med G12.

Resultat / tabell for sesongen

Kampdag torsdag kl 18.

I vårsemesteret var J12 år i pulje med Vik, Kaupanger, Sogndal og Balestrand og hadde følgjande kampresultat:

Vik – Syril	8 - 1
Syril – Kaupanger	5 - 0
Sogndal – Syril	3 - 0
Syril – Balestrand	11 - 1
Syril – Vik	1 - 5
Kaupanger – Syril	6 - 7
Syril – Sogndal	2 - 2
Balestrand – Syril	2 - 10

Hautserien vart differensiert - det vil seie at dei beste laga frå vårserien spelar i lag og dei nest beste laga spelar i lag. Syril J12 var i haustsemesteret i pulje med dei beste laga; Sogndal, Vik, Hafslo og Bjørn.

Sogndal – Syril	3 - 3
Vik – Syril	10 - 2
Syril – Hafslo	2 - 3
Bjørn – Syril	3 - 2
Syril – Sogndal	0 - 10
Syril – Vik	0 - 4
Hafslo – Syril	6 - 3
Syril – Bjørn	6 - 4

Cupar

Voss Cup 16.-18. juni.

Bendit Cup 24.-25. oktober. Her melde me på lag i saman med Vik J12.

Kretsaktivitet

Ingen

Ferdigheitsmerke

Ikkje delteke

Andre sportslege aktivitetar

- Eigen treningstime med Eirik Bakke for J12! Gjennomført på starten av haustsemesteret på Syril Stadion. Dette som resultat av ein konkurranse som vart gjennomført for alle påmelde lag på Bendit Cup 2014 der premien var ein treningstime med Eirik Bakke. Jentene «våre» var her dei lukkelege vinnarane.
- Fokus på Fair Play i laget. Alle J12 spelarane har underskrive kontrakt med Fair Play-reglar.



Sosiale aktivitetar

Avslutningsfest fredag 6.november.

Utfordringar for neste sesong

Neste sesong spelar J13 og J14 år i saman. Utfordring vil bli å skaffe laget/laga fast keeper. Det blir viktig å ha fokus på dette framover og satse på keeperutvikling.

Oppsummering

J12 starta vårsemesteret med 12 jenter og eitt 7år lag. I haustsemesteret vart spelarstallen redusert til 8 jenter pga av 2 som slutta/flytta og 2 som var heilt/delvis ute pga av skade. Me var då avhengig av å hospitere opp frå J11-jenter for å kunne avvikle kampene. Dette samarbeidet fungerte godt og me syns me fekk gjennomført fotballsesongen på ein god måte.

ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015

Lag: Jenter 2004

Trenarar i år har vore: Janne Humlestøl Njøs, Steinar Fredheim, Stig Olav Sørum

Lagleiar har vore: Einar Hovlid og Rita Hagen Molvær

Desse spelarane har vore med på laget i år.

Vilde Sørum, Pia Krosshaug, Nanti Bisrat, Anna og Sara Grepstad Røysum, Emma Rinde Moen, Beate Humlestøl Njøs, Kristin Fredheim, Kari Gjengedal, Ingeborg Knudsen Berg, Ingrid Hovlid, Ingrid Molvær.

I tillegg har vi hatt god hjelp frå fem jenter frå laget til jente 2005 på fleire av kampane: Live, Rebekka, Kristin, Anja og Marte.

Sportslege aktivitetar

Treningar kvar torsdag.

Cupar: Vi deltok på Voss Cup

Kretsaktivitet: Vi har hatt to lag i serie for jente 11 i år. Vi har spelt 38 seriekampar fordelt på dei to laga våre. Av desse kampane har vi vunne 17, spelt 7 uavgjort og tapt 14. Vi har scora 205 mål og sleppt inn 180 mål.

Sosiale aktivitetar

Avslutning med bading i Lustrabadet, kake, pizza, bileframsyning og deltaking på kampen mellom Sogndal og Sandnes Ulf. Alle jentene fekk eigen diplom med bilete.

Utfordringar for neste sesong

Ingen spesielle

Oppsummering

Trenarane har oppsummert sesongen flott på denne måten:

Vi har hatt mange kjekke treningar og kampar saman. Ein viktig grunn til dette er at jentene har vore flinke til å halde dei reglane vi vart einige om før seriestart, vi har holt dei avtalane vi har hatt før kampane og jentene har vore positive og støtta kvarandre. Alle har hatt ein flott utvikling gjennom sesongen. Jentene er ulike og har alle sine område dei er gode på. Dei utfyller kvarandre godt, noko som har gitt oss to gode og jamne lag gjennom heile sesongen.

1. ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015

Lag: Miniputt G10

Trenarar i år har vore: Bjørn Orrestad, Christian Kleiven, Rune Barsnes, Geir Christensen og Bjørn Fardal

Lagleiar har vore: Rita Bjørk

Desse spelarane har vore med på laget i år: Torje Andrè Dyngen, Patrik B. Orrestad, Håvard H. Fardal, Ole C. Stadheim, Sigbjørn N. Eikeland, Andreas Gjengedal, Sander S. Linde, Nicolas Fossberg, Oskar F. Kleiven, Mathias Marøy, Jim Thorsnes, Rikard Årethun, Magnus H. Moen, Gard Christensen, Erlend H. Fardal, Andreas Haugen, Christian Eggum, Angelo Singdahlsen, Andrea H. Barsnes, Andreas B. Ertslund og Jarand H. Fardal. Kristian Ølmheim var med i vårsesongen.

Sportslege aktivitetar

Laget har trenta to gonger i veka sidan mars månad, med eit lite opphald om sommaren. Laget har streva med å få treningsområde som er tilpassa storleiken på gruppa. Vi fekk tildelt treningstider på kunstgrasbana på ungdomsskulen, men såg tidleg at det ikkje var mogeleg å gjennomføre gode treningar for over 20 gutar, som er på ulikt nivå, på dette arealet. Vi fekk deretter tildelt treningstid på grasbana på skulen. Området var stort nok, men sidan alle turneringar og seriekampar går på kunstgras, såg vi behovet for å få trene på kunstgras. I oktober klarte vi å få til treningar på kunstgrasbana ved barneskulen.

Laget har vore med på 4 turneringane til Kongleriket / Sogn og Fjordane fotballkrets. Vi har stilt med 4 lag på kvar turnering med unntak av siste turnering i Balestrand då stilte vi med 3 lag.

Laget har stilt med 2 lag i serien for G10. Til saman har begge laga spelt 16 seriekampar. På dette nivået blir det spelt 5-ar fotball. Vi har hatt med 8 spelarar pr. kamp. og i gjennomsnitt har kvar spelar fått 6 seriekampar. Vi har rullert på spelarane slik at alle skulle få lik speletid. Laga har vore blanda med ulike kvalitetar.

Laget har vore med på 3 turneringar utanom ordinære miniputtturneringar og seriespel.

I vår var vi med på Toyota cup på Kaupanger. Rett etter skulestart var vi med på Lærdalsturneringa og i oktober var vi med på Bendit cup i Sogndal. Erfaringa er at det er kjekt å møte lag i frå andre delar av fylket samt nabofylka. Dei aller fleste av gutane ynskjer å vere med på denne type arrangement.

Laget starta med øvingar for merketaking i oktober, med mål om at so mange som mogeleg av gutane skulle greie å ta eit merke innan fristen. P.g.a stort kull kom vi ikkje igjennom heile gruppa. Det vil bli jobba vidare med merketaking neste sesong.

Sosiale aktivitetar

Som sesongavslutting var det arrangert ei samkome i saman med miniputt J10 på Sognefjord hotell. Det var servert pizzabuffet og brus. I tillegg til dette hadde vi ein uhøgtdigleg quiz med spørsmål om fotball og andre tema som opptek 10 åringar.

Utfordringar for neste sesong

Den største utfordringa til neste sesong er at laget må få treningstid på eit areal som er tilpassa storleiken til gruppa. Med ei gruppe på over 20 ungar er det vanskeleg å få til gode treningar ved ungdomsskulen. Laget må få trene på kunstgras sidan alle lag vi skal møte i serien trenar på dette underlaget. Vi erfarte inneverande år, når laget trente på gras, at nivået / kvaliteten på vårt lag vart redusert i forhold til andre lag som vi møtte på turneringar og i serien. Fotballen går raskare på kunstgras og laga våre vart «hengande etter».

I tillegg til dette har vi ei utfordring at nivået i spelargruppa er veldig ujamnt både fysisk (fotballferdigheiter og uthaldenheit) og mentalt (modning og speleforståing). Å få til treningar som femnar om alle er utfordrande. I inneverande år har vi prøvt med å differnsiere på trening. Dette for å prøve å løfte spelarar som sjeldan er i kontakt med ballen. Dele opp i mindre grupper for å spele tre mot tre for å tvinge fram ballberøring. Dette er noko vi vil jobbe vidare med neste sesong. I tillegg til dette har vi enkelte spelarar som bør få hospitere oppover i

systemet. Vi er gode på å ta vare på dei svake i gruppa, men har ein tendens til å gløyme dei som treng nye utfordringar.

Oppsummering

Alt i alt har laget hatt ein sesong som ei berg- og dalbane. Nokre oppturar og nokre nedturar. Gutane er blitt vande med å tape med eit smil. Desto større er gleda over ein seier. Det beste av alt er at alle gutane er klar for ein ny sesong. Det er stort oppmøte på treningane.

2. ÅRSMELDING SYRIL FOTBALL 2015, MINIPUTT

1. I vårsesongen hadde me ca 130 spelarar og på hausten ca 120. Generelt hadde me nok trenarar i alle kull, men nokre utfordringar i høve tidlege treningar. Dette er det ikkje så mykje å gjere med grunna banekapasitet. Dei eldste kulla har og nytta bana ved ungdomsskulen og somme tider fått trene litt på kunstgraset. Alle treningar har i hovudsak vore sett opp på gras.
2. Nytt av året var at kvart miniputtlag hadde eigen lagleiar. Dette fungerte stort sett fint. Litt trøbbel i oppstarten med dårleg flyt i informasjon og kommunikasjon. Det var greitt å ha lagleiarar i høve til å sende ut og hente inn informasjon frå foreldre. Dette gjorde jobben til hovudlagleiar svært mykje lettare. Lagleiar for kvart årskull bør absolutt vidareførast neste år.
3. Vår eigen miniputtturnering gjekk fint, godt overskot og me fekk ekstra pluss frå krinsen for «vaksne» dommarar og for å ha synleg fyrstehjelp.
4. Alle kull som var med i miniputt deltok på 4 miniputtturneringar. Kvart lag har hatt eigen avslutning som dei har organisert på ymse vis; pizza, quiz, is eller kake.
5. G05 deltok både i serie og på miniputt. J05 deltok berre i serie og såleis har dei ikkje vore med på miniputtturneringar.
6. Dei eldste laga har og delteke på Bendit-cup og/eller Toyota-cup.
7. Utfordringar for neste år: Den største utfordringa som gjeld miniputt kjem eigentleg for krinsen. Me ser ein tydeleg trend der dei eldst kulla, (gjeld ikkje berre Syril) vel vekk miniputtturneringane og vil heller spele serie. Dette grunngjev dei med at dei berre møter same lag i turneringane, lange dagar med få kampar og lite speletid og at dei har mykje betre utbyte av å spele i serien. Dersom ein vil halde på det «tradisjonelle» miniputtoppsettet vil ein snart ikkje ha dei eldste kulla, som og har tilbod om seriespel, med på turneringane lenger.
8. Me har og nokre kull som har svært få spelarar. Desse laga bør ein vurdere om ein skal slå saman med andre kull. I turneringar har dei uansett spelt i andre årsklassar og dette har fungert fint.

Hovudansvarleg for miniputt
Linda Fossberg

Årsmelding - handball 2015

Styret har hatt denne samansetninga i 2015:

Leiar:	Eva Solhaug Fosshagen
Nestleiar:	Steinar Fredheim
Sportselg leiar:	Pia Hickman
Arrangementsansvarleg:	Linda Fossberg
Materialforvaltar:	Stig Olav Sørum

I tillegg til styret, har handballgruppa:

Dommaransvarleg:	Geir Aase
Dugnadsnemnd:	Arvid Mellingen, Roger Hestholm og Ingrid Halland Fridtun

Styret har hatt eitt evalueringsmøte med alle trenarar og lagleiarar, og to styremøte. Vi hadde oppstartsmøte med lagleiarane før sesongen 2015/2016.

Sportslege aktivitetar

Vårsesongen 2015 hadde vi 13 aldersbestemte lag og damelag i 4. divisjon.

Haustsesongen 2015 hadde vi 9 aldersbestemte lag, ein nedgang på 4 lag, og damelaget i 4. divisjon. 9- åringane er med i turneringsspel. Haustsesongen var det 85 aktive handballspelarar mot 115 hausten 2014.

Vi arrangerte minihandballturneringa 12. desember for Vik, Bjørn og Syril.

Sesongen 15/16 har vi berre eit gutelag med i serien – G14. Vi måtte trekke dei to G10 laga vi melde på sidan vi ikkje hadde på plass trenarar ved sesongstart, men dei har starta opp med ei trening i veka. Vi må jobbe mot å auke interessa for handball på gutesida. G12 laget trekte vi også fordi det var få lag att i Sogn. For sesongen 15/16 stiller ikkje Syril med lag i J16 serien. På grunn av for få jenter til å få alle lag- og kampkabalane til å gå i hop.

Vi har hatt både jente- og gutespelarar med på SUM og RUM samlingar, og vi har hatt utlånsavtale med Sogndal.

I haustferien 10. og 11. oktober arrangerte vi kick-off helg, der vi inviterte klubbane i Sogn til å delta. Det var trening for 9 åringar, trening og speling for 10 – 12 åringane og miniturnering for 13 -15 åringane. På denne miniturneringa var det med lag frå Bjørn og Sogndal. Det vart også ei øvingshelg for dommarane våre.

Dommarane

Det er fortsatt stort fokus på å utdanne handballdommarar i region vest. Fortsatt er det for få dommarar, men situasjonen i Sogn og Fjordane har blitt betre på aldersbestemt handball. Målsettinga i region vest er at det alltid skal vere to dommarar til kvar kamp.

Hausten 2015 reiste tre jenter til Førde for å ta Dommar1- kurs. Desse tre (Siri, Kristine og Siv) har denne sesongen fått prøvd seg på dømning i aldersbestemte kampar i Leikangerhallen saman med våre to godt erfarne dommarar (Ingrid og Guro). Dette har gått veldig bra, og me får stadig tilbakemelding frå trenarar, spelarar og tilskuarar på kor flinke dommarar me har.

På minihandballturneringa i Leikangerhallen i haust var det jenter frå J14-laget som dømde alle kampene. Desse jentene skal seinare få moglegheita til å ta Klubbdommarkurs og få dømme aldersbestemt til neste år.

Målsettinga vidare for Syril vil fortsatt vere at klubben får utdanna fleire «Dommar1» og at me skal få fram eit dommar for seniordømming.

Tusen takk til alle dommarane våre som gjer ein flott jobb. NB! Ingen dommar – ingen kamp.

Dommarutdanning

1. Barnekampliar(Klubbdommar)

4 timar undervisning, fordelt mellom teoretisk og praktisk undervisning med instruktør.

Barnekampleder for utøvarar på nivå opp til G/J 11.

2. Dommar 1

16 timar undervisning, fordelt mellom teoretisk og praktisk undervisning med instruktør.

Kampliar for utøvarar på nivå opp til G/J 14.

3. Dommar 2

16 timar teoretisk undervisning med instruktør. Praktisk undervisning med veileder mellom kurskveldane.

Kampleder for utøvarar på nivå opp til G/J 18.

4. Dommar 3

20 timar teoretisk undervisning med instruktør.

Kampleder for utøvarar på nivå over J/G 16-18.

Kiosken

Under arrangement i Leikangerhallen er det lagt til rette for at kiosken skal kunne tilby eit breiare og sunnare vareutval. Bl.a. er det vidareført dugnaden med å bake opp gjærbakst for sal i kiosken.

Store deler av handballgruppa sine utgifter er knytt opp mot halleige, påmeldingsavgift og dommarutgifter, samt andre utgifter til regionen. I løpet av sesongen har Syril handball inngått avtale med fleire nye sponsorar. Saman med stor dugnadsinnsats er dette avgjerande bidrag til at handballgruppa klarer sine økonomiske forpliktelser.

Styret vil takke alle spelarar, trenarar, lagleiarar og foreldre for god innsats i 2015!

Styret i Syril handball

Årsmelding 2015 – jenter fødd 2005

Vi har hausten 2015 gjennomført 6 kampar som var fordelt over 3 turneringshelgar.

18.oktober: Var jentene til Årdal og spela 2 kampar, mot Jotun/Årdalstangen og Jotun/Årdalstangen 2. Alle jentene deltok denne dagen.

31.oktober: Var jentene til Vik og spela 2 kampar, mot Vik og Sogndal. Alle jentene deltok denne dagen.

6.desember: Spela jentene 2 kampar på heimebane i Leikangerhallen, mot Sogndal 2 og Jotun/Årdalstangen. Alle jentene deltok denne dagen. Andre lag i same serie som hadde kampar i Leikangerhallen denne dagen var Sogndal og Jotun/Årdalstangen 2.

Det vart gjennomført eit lite spelarmøte og eit foreldremøte tysdag 13. oktober for å orientere om sesongen (alle jentene sine foreldre deltok).

Vi hadde møte med trenar Evelyn Saltnes Slinde og lagleiar Siv Krosshaug frå jenter f. 2006 angående hospitering hjå jenter f. 2005. Vi hadde oppstart med hospitering på trening tysdag 15. desember der 4 jenter f. 2006 deltok. Dei som deltok på møtet frå jenter f. 2005 var Ivar Husum, Gro Linde og Hans Roald Holen.

Spelalarar: Anja Elisabeth Hickman, Anita Strong Skårhaug, Live Randen Fardal, Live Holen, Kristin Husum, Rebekka Felde Liljedal, Marte Linde Røyseth og Vilde Kristin Sæterbø.

Trenera: Ivar Husum (hovedtrenar) og Gro Linde.

Lagleiar: Camilla Navarsete Holen

Årsmelding 2015 – jenter fødd 2004

Våren 2015 (sesongen 2014/2015) hadde jenter f. 2004 16 spelalarar og stilte med 2 lag i serien (6-ar handball). Laget hadde 1 trening per veke. Laget spelte til saman 14 kampar over 3 kampdagar – av desse 6 kampar i Leikangerhallen. Laget var i pulje med Aurland, Bjørn, Bjørn2, Jotun, Vik, Årdalstangen.

Hausten 2015 (sesongen 2015/2016) hadde jenter f. 2004 12 spelalarar og 2 lag i serien. Laget hadde 2 treningar pr. veke. Laget spelte til saman 11 kampar over 4 kampdagar – av desse 5 kampar i Leikangerhallen. Laget var i pulje med Vik og Bjørn. Det hadde vore ønskjeleg med fleire lag i serien.

Laga har nytta Syrilbuss på nokre bortekampar og har elles nytta privatbilar.

Laget har heile året hatt godt oppmøte både på trening og på kamp og spelarane har hatt svært god utvikling både individuelt og som lag.

Som ein del av hospiteringsordninga for Syril handball har fleire spelalarar delteke på trening og kamp med jenter f. 2003. I tillegg har nokre spelalarar vore med og spelt kampar med gutar f. 2004.

Foreldra har vore med på dugnad ved å bake og stille opp som sjåførar, kioskvakter og sekretariat.

Takk til spelarar, trenarar og foreldre for flott innsats gjennom sesongen!!

Spelarar: Ingeborg Knudsen Berg, Nati Bisrat (våren 2015), Kristin Fredheim, Kari Gjengedal, Ingrid Hovlid, Pia Krosshaug, Emma Linnea Rinde Moen (våren 2015), Ingrid Molvær, Beate Humlestøl Njøs, Celina Rejs, Sonja Rejs, Jenny Kristina Lunde Risøen (våren 2015), Anna Grepstad Røysum, Sarah Grepstad Røysum, Vilde Sørsum, Signe Yndesdal (våren 2015).

Trenarar: Inger-Lise Knudsen, Kitty Krosshaug, Kathrine Sørsum og Christel Grepstad

Lagleiar: Ingeborg Lie Fredheim

Årsmelding 2014 - gutar fødd 2004

Treningar

Treningane har vore torsdagar kl. 17.00 – 18.00. G10 har hatt treningar saman med G11. Det har stort sett gått bra på treningane, men det har vore nokre utfordringar. Det er ikkje alle som har hatt dei rette holdningane. Trenarane har vore konsekvente og ordna opp med ein gong ved dårleg oppførsel, noko som har gjeve positiv effekt.

Turneringar

Det var i utgangspunktet 12 gutar som ville bli med på handball, av den grunn blei det meldt på to lag. 3 gutar valgte å trekkje seg, dermed vart det 9 spelarar totalt. Vi vurderte om vi skulle trekkje eit lag, men vi fann ut at alle gutane kunne spele på begge laga, rullerande. Dermed fekk alle mykje speletid. Dessutan inngjekk vi ein avtale med jenter 10 år om at dersom det blei fråfall på ei handballturnering, skulle dei stille opp og hjelpe oss.

Oppsummering

Vi har hatt ein fin vårsesongen. Det har vore bra oppmøte på treningane og fin framferd på kampene. Gutane er flinke til å oppmuntre kvarandre. Flott at J10 har vore disponible på kort varsel ved fråvær.

Spelarar: Leander Asperanden Hauge, Fredrik Skårhaug Talle, Daniel Flaten, Simen Ylvisåker von Porat, Hallvard Solberg Høgalmen, Thomas Myklebust, Erlend Eiken Oppedal, Alexander Saltnes Slinde, Lukas Christensen Sjøtun

Trenarar: Elin Leegaard Christensen
Evelyn Saltnes Slinde
Astrid Asperanden Hauge

Lagleiar: Oddrun Falkgjerdet

Årsmelding 2015 – jenter fødd 2003

Sportslege aktivitetar

Det har vore treningar kvar veke fram til 10. april og treningar frå 30. september i haust, stort sett 2 treningar i veka med unntak av september og oktober då ein hadde overlapp med fotballtreningane. Nokre av spelarane deltok i tillegg på enkelte plassspesifikke treningsøktar onsdagar i vårsesongen.

Frå hausten av har vi trena ilag med 2004 (1 gong pr. veke) og 2002 (1 gong pr. veke).

Seriespel

Det er spelt serie mot lag lag i Sogn. I vårsesongen stilte vi med to J11 lag og spelte totalt 12 kampar (J11). I haustsesongen har vi stilt eit J12-lag og spelt 6 kampar.

På grunn av få spelarar både hjå J12- og J13-laga i 2015/16 sesongen har det vore mykje hospitering på kamp. J12 spelarane deltek på J13 sine kampar og J11 jenter spelar med J12. Stor takk til J11 som bidreg med spelarar på kampane våre.



Turnering

J2003 deltok på Nordfjord cup 10.-12.april i Stryn. Kjekk turnering med jamnspelte kampar. Både hall, overnatting og alle aktivitetar var i sentrum. Turneringane er med på å skape motivasjon og samhald samt gjere handballen attraktiv. Vidare er det spennande å møte nye lag og bli kjende med spelarar frå andre klubbar.

Dugnader

Foreldre har stilt på dugnad i samband med varetelling på Coop og i samband med flytting av vegkontoret. I tillegg kjem arrangementsoppgåvene i hallen.

Desse spelarane har vore med på laget

i vårsesongen:

Synnøve Fosshagen, Kine Christensen Stokkenes, Runa Fondenes Vangsnes, Snit Ogbai, Nora Henjesand, Mariell Rimala Seglem, Silje Lunde Nesdal, Emma Valvik Yttri, Karoline Ølnes Hamre, Dina Fossheim

Desse spelarane har vore med på laget i haustsesongen:

Synnøve Fosshagen, Runa Fondenes Vangsnes, Snit Ogbai, Silje Lunde Nesdal og Karoline Ølnes Hamre

3 spelarar gav seg med handball etter vårsesongen og 1 spelar har flytta.

Utfordringar for neste sesong

Å klare å få alle spelarane til å bli med vidare. Vurdere om ein bør slå saman fleire årsklassar

Trenarar: Maj-Sissel Ølnes, Merete Lunde og Eva Fosshagen

Lagleiarar: Magna Vangsnes



Årsmelding 2015 - gutar fødd 2003

Vårsesongen

Desse gutane var med: Espen Hickman, Gøran Sælid Njøs, Viljar Grinde, Stian Valvik Menes, Mathias Bäckstrøm Vikdal og Sindre Husabø Thue

Trenar: Pia Hickman

Lagleiar: Marianne Husabø

Me hadde felles treningstid 1 time i veka ilag med G10. Fordi me berre var 6 gutar, var me og heilt avhengig av dei for å kunne stille lag og avvikle kamper. Gutane hadde og tilbod om å vere med G13 å trene 1 time i veka, den timen kom rett etter vår treningstid.

Motstandarlaga var Sogndal, Sogndal 2, Sandane 2, Årdalstangen/Jotun

Årsmelding 2015 – jenter fødd 2002

Vår 2015

Laget trena på onsdagar frå kl. 16-17 og fredagar frå kl. 17-18.

Laget har våren 2015 vore i pulje med Bjørn, Jotun/Årdalstangen, Jotun/Årdalstangen 2, Aurland, Vik og Bjørn. Jentene spelte fem heimekampar og fire bortekampar, i Årdalshallen, Vik og Tangenhallen. Dei vann 3 kampar og tapte 6.

På heimekampane stilte foreldrene som publikum, bakte kaker og stilte opp som kioskvakter og i sekreteriatet. På bortekampar stilte dei som sjåførar etter behov, både privatbilar og Syril-bussen vart nytta.

Laget hadde våren 2015 10 spelarar. Dei viser stor speleglede, både på treningar og kampar, og har hatt ei fin utvikling, både individuelt og som lag.

Spelarar: Malin Thorsnes, Ida Maria Bruheim Borlaug, Oline Flatabø Kleiven, Silje Veronica Leiren Gjöringbø, Sigrid Kristiansen, Dina Krosshaug, Camilla Menes Hove, Vilde Oppedal Jacobsen, Veronica Borlaug, Anna Torvund

Laget deltok på Ål-cup med 7 spelarar og begge trenarane. Det var ei flott oppleving, og både ungar og vaksne var veldig nøgde.

Trenarar: Lillian Bruheim og Hege Sønnesyn

Lagleiarar: Siv Anette Slinde Thorsnes og Bjørg Anda

Haust 2015

Treningstider: tysdagar kl. 18-19, ilag med j-12 og onsdagar kl. 17-18 ilag med j-14.

Laget har dette semesteret vore avhengig av å låne spelarar frå j-12 til kampane, då det berre var 6 spelarar, pga. at ei var «sjukmeld». Det har og vore spelarar med på kampar j-14.

Pulje: Førde, Bjørn, Høyang, Høyang 2, Vik, Jotun/Årdalstangen og Jotun/Årdalstangen 2.

Laget har spela 7 kampar, 4 heimekampar og 3 bortekampar (Førde, Gaupne, Vik), vunne 2, uavgjort 1 og tapt 4.

Laget har hatt 7 spelarar, men ei har vore «sjukmeld». Malin Thorsnes, Ida Maria Bruheim Borlaug, Oline Flatabø Kleiven, Dina Krosshaug, Vilde Oppedal Jacobsen, Veronica Borlaug og Anna Torvund.

Trenarar: Lillian Bruheim og Hege Sønnesyn

Lagleiarar: Siv Anette Slinde Thorsnes og Bjørg Anda

Årsmelding 2015 - jenter fødd 2001

Vårsesongen

Syril kom på 2 plass i regionserien, hadde ein kjempe bra sesong for begge laga.

Syril kom til sluttspel i Florø, der me møtte Florø og me tapte.

Me reiste på Ål cup der me spelte ei god turnering, hadde mykje moro, og kosa oss masse.

Då sesongen var ferdig hadde me avslutning på «Kroi», der me takk av Kitty Krosshaug som trenar, Hanna Krosshaug som blei flytt opp ein aldersklasse og Signe Lefdal Hove, Emma Kayser Digernes og Sara Felde Liljedal som valte å slutta med handball.

Me har hat ein god sesong på bana, og mykje moro utanfor ☺

Trenarar: Kitty Krosshaug og Lene Borlaug

Lagleiar: Tone Hylseng Haugen

Hautsesongen

I haust har me hatt med 11 jenter. Dei har to treningar i veka, ein trening i veka, trenar me med J-13. Marion Orrestad, Amanda Skarsbø Opthun og Andrine Nornes hospitera opp til 2000 jentene.

Laga me spelar mot er Sogndal, Sogndal 2, Vik, Høyanger, Dale og Førde. Positivt at me får møte nye lag.

Dei som er med sesongen 15/16:

Amanda Skarsbø Opthun, Andrine Nornes, Gunvor Nornes, Synne Gjerde, Amalie Dimmen Henjum, Therese Foss Johanessen, Andrea Henjesand, Andrea Langeteig, Marion Orrestad, Trine Humlestøl Njøs og Amalie Hylseng Haugen.

Trenar: Lene Borlaug

Lagleiar: Tone Hylseng Haugen

Me har tre jenter som er med på sum samlingar, det er: Synne Gjerde, Trine Humlestøl Njøs og Amanda Skarsbø Opthun.

Laurdag 19. desember var me til Dale og spelte kamp, etterpå var me på Peppes Pizza i Førde. Der feira me bursdag og kosa oss med pizza.



Årsmelding 2015, gutar fødd 2000, 2001 og 2002

Vårsesongen

Me hadde dispensasjon for dei to eldste. Spelte i same avdeling som Bjørn, Haugen/Eid, Sogndal, Aurland, Florø og Høyang.

Me hadde trening 2 x 1 time pr. veke.

Det var 14 gutar som begynte på G13 laget. Fødd 2001; Ingemår Fosshagen, Magnus Risnes Wolff, Adrian Husabø Thue, Joakim Elde Walaker, Eirik Njøs Mardal, Amund Bäckström Vikdal, Sigurd Mellingen, Joakim Solheim, Brede Nes og Mathias Fossberg . Fødd 2000; Kristian Nesse Slinde og Alexander Nornes. Fødd 2002; Per Bjørk og Torbjørn Strømseng Opthun.

Trenar: Daniel Fossberg

Lagleiar: Marianne Husabø

Haustsesongen

G14-laget har hausten 2015 bestått av:

- 2 gutar fødd 2000
- 8 gutar fødd 2001
- 1 gut fødd 2002

Spelarar: Alexander Nornes, Kristian Nesse Slinde; Mathias Fossberg, Ingemår Fosshagen, Eirik Njøs Mardal, Sigurd Mellingen, Joakim Solheim, Brede Nes, Amund Bäckström Vikdal, Sigurd Myklebust og Per Bjørk.

Jenter frå j14 og j15 og gutar fødd 2003 har tilbod om å delta på treningane våre. G14-spelarane kan delta/hospitera på dametreningane og på j15-treningane.

Trenar: Tor-Einar Holvik Skinlo

Hjelpetrenar: Daniel Fossberg

Lagleiar: Siw Heidi Bäckström

G14 har fått dispensasjon til å bruke to overårige spelarar. Laget har også søkt om å få med ei jente fødd 2001, for å både gi ho utfordring og for å hjelpe laget når vi har forfall, men har fått avslag frå kretsen på dette.

Lag i pulja er: Syril, Florø, Gloppen, Årdalstangen/Jotun, Sogndal, Stryn, Haugen/Eid, Høyanger, Askvoll/Holmedal.

G14 har i haust hatt tilbod om to treningar a 1 time. Veldig godt oppmøte og god stemning både på trening og på kamp. Gutane har hatt god utvikling denne hausten. Dette gjeld særleg med omsyn til fysikk, kondisjon og samspel. Ein treningsvillig gjeng.

Fem gutar har fått vert på Sone UtviklingsMiljø hausten 2015:

- Samling i Florø: Kristian
- Samling i Sandane: Ingemår, Mathias og Amund
- Samling i Eid: Mathias, Amund og Joakim

Gutane har hatt ein treningskamp mot j15.

Laget har ei lukka Facebook-gruppe som vert nytta til all informasjon ang kamp og trening. Alle spelarane, trenarane, lagleiar, sportslegleiar og dei foreldre som ynskjer er medlem i gruppa. Fungerar godt.

Laget har pliktoppfølgjande foreldre som gir raske og positive tilbakemeldingar når vi treng dugnadshjelp.

Årsmelding 2015 – jenter fødd 2000

Jenter f. 2000 har også i 2015 hatt 11 spelarar og eitt lag påmeldt i serien. Hausten 2015 starta ein ny spelar og ein spelar vart flytta frå årsklassen under. Samstundes slutta to spelarar.

Laget har hatt to treningar per veke og har heile året hatt godt og stabilt oppmøte både på trening og på kamp. Spelarane har også dette året vist stor kampvilje og har hatt svært god utvikling både individuelt og som lag.

I vårsesongen hadde laget fast med spelarar frå jenter f. 2001 på kamp. Dette inngjekk som ein del av hospiteringsordninga i Syril handball, men vart meir omfattande som følgje av at nokre av 2000-spearane deltok på sonesamlingar i fotball og at nokre spelarar deltok på opplæring som danseinstruktørar.

I haustsesongen hadde ikkje laget 2001-spearar fast med på kamp, fordi ein prioriterte speletid til eigne spearar og ikkje ønskte for mange spearar på benken. Spelarane frå 2001 var då berre med ved forfall av spearar f. 2000.

Våren 2015 var nokre 2000-spearar med og spelte handballkampar med jenter f. 1999. I tillegg har fleire spearar delteke på sonesamlingar i handball.

Som ein del av hospiteringsordninga har det heile året vore lagt til rette for at spearar frå årsklassen under (jenter og gutar) som ønskjer å hospitere opp ein årsklasse kunne vere med på trening med laget. 7-8 spearar har nytta seg av dette tilbodet. I tillegg har nokre av spearane f. 2000 hospitert på treningane til damelaget og gutelaget i årsklassen under.

I vårsesongen (sesongen 2014-2015) spelte laget 10 kampar over 8 kampdagar – av desse 5 kampar i Leikangerhallen. Vårsesongen var laget i pulje med Aurland, Bjørn, Dale, Eid, Florø, Florø 2, Førde, Høyang og Sogndal.

Laget (med alle 11spearar) deltok på Vestkyst Cup i Florø helga 5.-7. juni. Dette var ei flott helg både sportsleg og sosialt!

Hautsesongen spelte laget 6 kampar over 5 kampdagar – av desse 3 kampar i Leikangerhallen. Hautsesongen (sesongen 2015-2016) var laget i pulje med Aurland, Eid, Førde/Dale, Jotun/Årdalstangen, Skavøypoll og Stryn.

Laget har nytta Syrilbuss til nokre bortekampar og har nytta privatbilar når Syrilbussen ikkje har vore disponibel.

Foreldra har vore med på dugnad ved å bake og stille opp som sjåførar, kioskvakter og sekretariat.

Takk til spearar, trenarar og foreldre for flott innsats gjennom sesongen!!

Spelarar: Margrete M. Breisnes, Julianne Fossberg, Maria Fosshagen, Johanne Fredheim, Malin Ness Frækaland, Stine Gjerde (våren 2015), Siv Hickman, Malin Killingrød, Hanna Krosshaug (hausten 2015), Amalie Wathne Nedrehagen, Inga Hestholm Rohde (våren 2015), Frida Selch (hausten 2015) og Kristi Vangsnes.

Trenar: Pia Hickman

Lagleiar: Ingeborg Lie Fredheim

Årsmelding 2015 - jenter fødd 1999

Vårsesongen

Laget har våren 2015 hatt 8 spearar. Laget stiller som J-15 lag, der det er ei pulje med alle J-15 laga i fylket. Laget har etter jul spela 7 kamper og møtt Førde, Sogndal, Aurland, Vik, Eid og Stryn (to kampar). Jentene trena saman med J-15 måndagar og torsdagar. Laget har hatt godt og stabilt oppmøte både på trening og på kamp. Det var og tilbod om å delta på dametreningane og her var halvparten av jentene med. Jentene har gjort ein kjempeinnsats og har halde fram den gode utviklinga både individuelt og som lag. Laget har utvikla god kampmoral og har vist at dei klarar og

kome att med ny og forsterka innsats sjølv etter tøffe kampar. I denne sesong plasserte laget seg midt på tabellen. Bra jobba av jentene!!

Våren 2015 har laget nytta Syrilbussen til ein tur til Nordfjord der to kampar vart spelte same dagen. Takk til sjåføren.

Takk til spelarar, trenarar og foreldre for ein flott innsats!!

Spelarar: Kristine Linde Røyseth, Marit Rygg Fredheim, Siri Fossøy, Ane Bjørk, Helene Risnes Wolff, Ingvild Halland Fridtun, Kamilla Bruheim Borlaug og Ida Bjørk. I tillegg har J-15 fått låne to eller tre J-14 spelarar slik at det var nok spelarar til å spela kampane.

Trenarar våren 2015: Pia Hickman, Elianne Eggum og Lillian Bruheim

Takk til Camilla Njøs som var trenar ved dei tre siste kampane.

Lagleiar: Oddrun Mangerøy

Årsmelding 2015 - kvinner 4. divisjon

Vårsesongen

Damelaget spelte i 4.divisjon. Laget fortsette den fine utviklinga vi hadde frå haustsesongen i 2014.

Laget enda til slutt på ein flott 6.plass i serien.

Lag frå Stryn, Eid, Sogndal, Høyang, Bjørn, Fjæra, Florø, Gloppen, Vik og Syril deltok i serien.

Spelarar: Pia Hickman, Vibeke Solheim, Marit Brennset, Anne Brennset Gjerland, Eva Nesse, Cecilie Njøs, Elin Leegaard Christensen, Grete Olin Nesvåg Engan, Mari Fykse, Elianne Eggum, Sigrun Espe, Janne Humlestøl Njøs, Ingvill Njøs, Sara Mundal Aase, Guro Stølen, Ingrid Fredheim, Veronica Bøe Holvik og Siv Jane Tufte Mardal.

Trenar: Håvard Bjelde, hovudtrenar, og Geir Johan Aase, medtrenar.

Lagleiar: Tore Oddvin Stølen

At laget har mange kreative sjeler viste også årsavslutninga med feiring av flott sesong på Jakt og Fiskelags-hytta på Kleppa. Konkurransenstinktet og vinnarviljen prega innlagde konkurransar etter eit durabeleg dugnadsmåltid.

Trenar Geir Johan har meldt frå om at han legg opp som trenar etter denne sesongen. Nestleiar i Syril handball, Steinar Fredheim, kom innom og takka både laget for flott innsats gjennom sesongen og særleg Geir Johan for mange år som trenar i Syril handball.

Haustsesongen

Oppkøyring til ny sesong i 4.divisjon starta opp etter ferien. Facebooksida til «Syril kvinner 4.div» er flittig i bruk av handballdamene til stadige oppdateringar med rapportar om eigentreningar med fjellturar inkludert kjappe intervallar undervegs.

Håvard Bjelde går på igjen som hovudtrenar. Med seg som hjelpetrenar har han spelar Mari Fykse. Ein svært motivert gjeng spelarar, trenarar og støtteapparat er klare for ein ny sesong.

Marginane mellom seier og tap er småe. Laget har hatt ein noko varierende start på sesongen.

Små marginar har gjort at laget har både seier og tap første del av sesongen. Etter 9 kampar og 4 poeng kunne laget ta juleferie med 9.plass på tabellen.

5 16-åringar kom opp frå aldersbestemt frå førre sesong. Etablerte spelarar tok imot dei unge handballivrige spelarane på ein god måte. Jentene viser aktivt at dei er klare til å lære meir om handball og ta ansvar for handballen i Syril i framtida. Velkomen til laget jenter; Kamilla, Siri, Helene, Ida og Kristine.

Det er også med stor glede me ser at nokre av spelarane frå yngre jentelag er med på enkelte av treningane til 4. divisjonslaget. Dette tyder på at rekrutteringa til damelaget er positiv i åra framover.

Spelarar og trenarar legg stor vekt på godt humør, haka opp, og godt førebudde treningar. Utan å lukkast på trening, lukkast ein heller ikkje i kamp. Med to trenarar med tydeleg trenarfilosofi og ein gjeng svært motiverte spelarar gjev dette gode resultat. Glimrande innsats både på bana og på benken frå Syrildamene. Julebordet på «gamlehotellet» med innlagde aktivitetar etter eit durabelt etegilde er ein fast og veldig triveleg tradisjon. Her er også dagnadsanda stor. Tusen takk til alle som bidreg for å få dette til.

Spelarstall: Pia Hickman, Sara Mundal Aase, Cecilie Njøs, Sigrun Espe, Elisabeth Njøs Hatle, Stine Mundal Aase, Elianne Eggum, Siv Jane Tufte Mardal, Mari Fykse, Ingvill Njøs, Anne Brennsset Gjerland, Guro Stølen, Janne Humlestøl Njøs, Eva H. Nesse, Veronika Bøe Holvik, Kamilla Bruheim Borlaug, Siri Fossøy, Helene Risnes Wolff, Ida Bjørk og Kristine Linde Røyseth.

Trenarar: Håvard Bjelde, hovudtrenar og Mari Fykse spelande medtrenar
Lagleiar: Tore Oddvin Stølen

Lag i serien : Sogndal , Florø 2, Førde 2, Bjørn, Høyang, Vik, Eid, Aurland og Syril.
Laga spelar fylkesserie.

Damelaget takkar gode støttespelarar som speaker, sekretariat, kiosk, musikk under kampar, billettør osv. Vi vil også takke mange gode sponsorar som støttar laget.

Syril handball damer har delteke på fleire dagnadar, mellom anna; vareteljing på Coop Ekstra i Sogndal, flyting av møblar og inventar frå Tinghuset til Vegkontoret og sal av adventskalendaren til Syril. Vidare har laget ansvar for innkjøp, grilling og sal av grillmat, frukt osv. på Kjerringi Open.

Laget ser fram til resten av sesongen 2015-2016.



Årsmelding skigruppa 2015

Godt med snø både på Kleppa og på Øvstestølen gav stor aktivitet. For å leggje til rette for aktiviteten har Bjørn Harald Røyseth, saman med Rolf Almås og andre, gjort ein stor jobb med å halde løyper, trakkemaskin og lys i stand. Våt snø på kablande i lysløypa på Øvstestølen førte til at anlegget var ute av drift ei tid, men dette vart retta opp i løpet av året. I oktober vart det gjennomført to **dugnader** saman med telemarksgruppa med skogrydding av alpinbakke og løyper, vedlikehald av skitrekke og lysanlegg, rydding, polstring i trekktrase, rydding i trekkbua, grusing av innkøyringa til garasjen mm. Det var sers god deltaking på begge dugnadene (ca. 15 personer). Analyse av behovet for vedlikehald på skihytta er gjennomført med resultat: skifte av takrenne rundt heile hytta, utbetre terrasse inngangsparti, tette hol i tak i sørvest, beise hytta, oppgradere brannvarslingsutstyr, diverse reperasjonar kjøken og skifte panelomnar. Planen er utbetring i 2015/2016.

Styret i skigruppa har vore: Eivind Brendehaug (leiari), Torunn Grut (nestleiar), Ingunn Nyhammer, Torill Felde og Ylva T. Tyssing.

Skigruppa hadde følgjande trening og rennaktivitet:

Skikarusellen vart arrangert på Kleppa for dei minste borna opp til og med 4.klasse. Vi hadde ein flott sesong med 6 karusell renn med mange deltakarar kvar gong (totalt 114 born påmelde). Det eine karusellrennet inngjekk som del av det årlege Klepparennet. Vi var påmelde som arrangør av Telenor skikarusell og fekk m.a. tilsendt flotte huer som premiar. Vi har og ei bok på Øvstestølen der borna kan skrive seg inn, og dette tel med i "poengfangsten" for premiering ved sesongslutt. Vi er også med og organiserer kioskdirift på skihytta på Kleppa dei dagane det er karusellrenn, og det er godt besøk i kiosken desse dagane. Barneskigruppa er leia av Torill Felde, Eva Hamre, Ylva T. Tyssing, Halvard Gjerde, Hilde Ruud og Trond Gjerland.

Skileik for barn i skulealder opp til 11 år vart starta opp for å gi eit tilbod til dei som var «ferdige» med karusellaktiviteten. Skileiken vart arrangert laurdagane det ikkje var karusell, to før nyttår og fire laurdagar etter nyttår. Totalt 15 ungar var innom ein eller fleire dagar. Ylva T Tyssing, Christian Pettersen og Eivind Brendehaug stod for opplegget.

Langrennstrening vart som vanleg arrangert tysdagar og torsdagar på Kleppa eller Øvstestølen med 6-8 deltakarar. Trenarar: Simen Bækken, Bjørn Harald Røyseth og Torunn Grut.

Team Sogn hadde fellestreningar jamleg gjennom vinteren i tillegg til barmarkssamlingar på Syrstrand, Kaupanger og i Jostedalen.

Barmarkstrening for ungdommen har pågått meir eller mindre heile sommar- og haustsesongen med både fjellturar, intervalltrening og rulleski med 3-4 deltakarar. Trenar: Simen Bækken.

12-14 åringane starta opp med barmarkstrening med intervalltrening i Henjabakkane (mandagar) og rulleskitrening (torsdagar) etter haustferien. Her har også utøvarar frå andre greinar i Syril delteke, 6-7 deltakarar. Trenarar: Simen Bækken, Bjørn Harald Røyseth og Eivind Brendehaug.

Eit nytt tilbod om barmarkstrening vart starta opp til 4-6 klassingane etter haustferien på Syril stadion, leia av Olaug Grut Andersen. Fokus på balanse, spenst, hurtighet, uthaldenheit og styrke gjennom leik og konkurransar/stafettar. 5-9 gutar og jenter har delteke.

Sirkeltreninga kom som vanleg i gang etter haustferien med Ingar Hals som hovudansvarleg. Treninga har hatt godt jamt oppmøte, også frå ungdommen. Totalt har ca. 50 personar vore innom sirkeltreninga som føregjekk fram mot påske.

Krinslaget. Edvard Grut Andersen, Andreas Mjelstad og Erlend Henjesand har delteke på krinslaget og Trygve Brendehaug på impulslaget i Sogn og Fjordane. Edvard har også vore med i satsingsgruppa i skikrinsen. Tilbodet har gitt treningssamlingar gjennom sommar- og haustsesongen, og har vore viktig for å gi løparane stimulans for trening og konkurranse i eit elles lite miljø.

Skirenn. Utøvarar frå Syril har delteke på renn rundt i fylket, særleg SSF cupen og nasjonale renn som hovudlandsrennet og norgescup. Eit utval av resultat: Edvard Grut Andersen 31. plass på 10 km fri på Norgescup Lygna og 40. plass 20 km fri på NM i Hommelvik. Erlend Henjesand oppnådde 2. plass i sprint og 4. plass i

friteknikk, begge på Krinsmeisterskapen (KM). Andreas Mjelstad oppnådde 7. plass i sprint på KM og 3. plass i friteknikk, SSF cup i Seimsåsen. Trygve Brendehaug 2. plass i klassisk SSF cup i Hodlekve og 4. plass i sprint på KM. Sverre L Røyseth 2. plass i friteknikk på KM og 1. plass SSF cup i Duathlon på Heggemyrane. Klaus Mjelstad 1. plass i klassisk på KM og delt 1. plass samanlagt SSF cup. Marte L Røyseth deltok på fleire renn.

Birkebeinerrennet hadde 13 deltakarar frå Syril. Tre gode plasseringar: Torunn Grut med 6. plass, Magne Strand med 13. plass og Edvard Grut Andersen med 21. plass.

Klepparennet vart arrangert 7. mars på Kleppa med 26 fullførande deltakarar.

Lagsmeisterskapen vart gjennomført på Kleppa med 18 fullførande deltakarar.

Björgahaug Opp vart arrangert laurdag 29. august 2015 for andre gong med 71 deltakarar, 29 i konkurranseklassa og 42 i trimklassa, derav fleire nye unge. Komiteen var sett saman av Knut Grinde, Arild Bjørk, Eva Hamre, Elianne Eggum, Anders Yri, Rune Kjølraug, Eivind Brendehaug, (leiar).

ÅRSMELDING- BARNEIDRETT 2015

På **barneidretten** er det lagt opp til at born i 1. – 4. klasse får innføring i ulike idrettar og aktivitetar. Hovudmålsettinga er å få borna glade i å drive med fysisk aktivitet og samtidig få stimulert grunnleggjande motoriske ferdigheitar, som til dømes å springe, hoppe, balansere, kaste, gripe, sparke ball, rulle osv.

Døme på aktivitetar: sal-leikar, stafettar, sisten, turnøvingar, ballaktivitetar, styrketrening, uttøying, formleik, hinderløype m.m. Nokre måndagar i desember /januar har 1.-3. klasse vore på Kleppa og gått på ski. 4. årstrinn har hatt hovudfokus på handball. I november inviterte dei til minihandballturnering i Leikangerhallen. Vik, Bjørn og Syril stilte med 2-3 lag kvar. Godt sal i kiosken og god stemning!

Våren 2015 var det 86 born påmeldt på barneidretten. Ved oppstart hausten 2015 var det 77 born frå 1.- 4. klasse som starta opp:

4. klasse: 25 gutar og jenter

3. klasse: 14 gutar og jenter

2. klasse: 16 gutar og jenter

1. klasse: 22 gutar og jenter

Leiar for barneidretten er Hilde Ruud og nestleiar er Eva Hamre. I tillegg har kvar klasse sin kontaktperson. Det blir valt ny kontaktperson for kvar klasse kvart år.

Kontaktpersonar for dei ulike klassene 2015 /16:

1.kl: Anita Instefjord

2.kl: Silje Hagenlund

3.kl: Hilde Ruud

4.kl: Ingvild Ramstad og Siv Krosshaug

Foreldra i klassetrinna 1.-3. har vore ansvarlege for treningane, kontaktpersonane for kvar klasse har hatt ansvar for å sette opp trenarkabalen. 4. klasse har 2-3 faste trenarar (jenter og gutar er delt med kvar sine trenarar).

Leikanger, 17-01-2016

Hilde Ruud

Årsmelding for 2015 frå trimgruppa

2015 var det første året med ny ordning. Ute på postane vart det lagt ut klyppetenger og trimmarar kunne kjøpe klyppekort og vere med på trekningar av premiar. Trimtilbodet omfatta to typar klyppekort:

1. Kort for dei som ynskjer å vitje alle 20 trimpостane til kr 100
2. Kort med plass til 30 klypp til kr 50 for dei som vil gå på nokre av postane, fleire gonger.

Det vart selt 84 kort av type 1 og 28 kort av type 2. Trimgruppa er særst nøgd med salet som var dobbelt av budsjettet. Etter at kostnader til trykking av korta og ymse småutlegg til merking, bøker og boksar vart det høve til følgjande premiering:

Alle turpostar	Trim 30
Gåvekort kr 1000	Gåvekort kr 500
Tone Britt Myklebust	Ane Bjørk
Ida Bjørk	Elisabeth Bernhardsen
Elisabeth Bernhardsen	Per Bjørk
Nils Magne Slinde	Per Høgheim
Kari Kitty Stadheim	
Eivind Yttri	

Vi gratulerer vinnarane og vonar at fleire vil delta neste år. Trimtilbodet stiller lite krav til utstyr og utbytte er betre helse og kanskje ein premie etter av sesongen.

Prosjektet "Nye turpostkassar"

Trimgruppa i Syril har jobba med få på plass turpostkassar for å lagring av registreringsutstyr (innerboksar, bøker, blyantar, klyppetenger mv). Til dette har vi disponert midlar frå Byggmeister Langeteig og Volldal AS, Sogn Røyr AS og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Vi har fått hjelp av Kjell Nornes med fleire vardefester med gjengestenger frå Arild Fossøy. Staur er sponsa av Arild Bjørk som og har utvikla staurfeste. I stadenfor å betale ca 500 for kvart feste er kostnaden nede i eit par tiarar for kvart staurfeste. Med all ikkje-talfesta hjelp har vi spart inn såpass mykje at vi kan kjøpe inn 3 ekstra kassar til dei 10 i første runde. Det kjem godt med når to av postane var vinterskadde og måtte skiftast sjølv om dei ikkje var på planen.

Til slutt må vi ikkje gløyme jobben med å få ut kassane til postane og monteringa. Her har det vore ein dugnad av trimgruppa og andre. Grovt rekna ligg det på dei 10 kassane som er utplassert nesten 60 timar som inkluderer utvikling av festa. Samla kan vi kalkulere dugnadsinnsats og utstyr til ca 35.000. I 2016 vil vi plassere ut dei 3 siste kassane.

Helsing

Arild Bjørk, Arild Fossøy, Thor Arne Husum og Torill Felde



Årsmelding for symjegruppa til Syril for 2015.

Leiar: Christian Kleiven
Andre medlemmer: Jorunn Kristin Nes (nestleiar), Arne Monrad Johnsen
(Fjordklubben)

Aktiviteten i 2015:

Sidan det ikkje er basseng tilgjengeleg i kommunen, har det ikkje vore tilbod til idrettsskulen, slik det har vore tidlegare. Symjegruppa ikkje hatt nokon møteaktivitet i 2015. Me håpar på eit basseng på ungdomsskulen i overskødeleg framtid, men signala frå kommunen er at dette ikkje er noko som er realistisk.

Økonomi

Sidan aktiviteten i symjegruppa har vore fråverande, er det lite å seie om økonomien. Fjordklubben får inn ein del midlar gjennom årskontingent. I skrivande stund var det vanskeleg å få oversikta over dette, då ein på nettbanken ikkje kunne sjå lengre attende enn til desember 2015. Medlemmene i Fjordklubben har fått skriftleg beskjed på e-post om at alle som betalar kontingent òg er med i Fjordklubben og må ha medlemsskap i Syril. Avgangsklassen på Leikanger ungdomsskule gav ei gåve pålydande 4000 til Fjordklubben i sommar. Denne vart sett inn på Syril sin konto.

Planar for 2016.

Symjegruppa har ikkje tilbod til idrettsskulen i bygda, då det ikkje er basseng på Leikanger. Viser elles til symhetilbod i Sogndal på Sogndal idrettslag sine heimesider: <http://www.sogndalidrettslag.no/Idrettar/Symjing/tabid/795/language/nb-NO/Default.aspx>

Symjegruppa håpar at utlegg for å drive nettsida til Fjordklubben kan bli dekt av Syril, slik det har tidlegare. I forhold til inntekter fjordklubben har på medlemskontingent, vil Syril uansett kome ut i pluss her. Gåva frå avgangselevane på 4000 kroner vil me bruka til vedlikehald av kajakkar og innkjøp av nytt utstyr til kajakkane.

Leikanger den 19. januar, 2016.

Christian Kleiven

SYRIL FRIIDRETT – ÅRSMELDING 2015

Leiar: Ingunn Nyhammer

Nestleiar: Rune Henjesand

Styremedlemmer: Torgeir Urdahl og Jorunn Felde

Økonomi: Viktigaste inntekter har vore Kjeringi Open –lotteriet og treningsavgifter. Største utgifter har vore krinskontingent og startkontingentar.

7 – 9 år

Trenarar:

7 år: Hilde Ruud, Heather Broomfield, Katrine Sørum

8 år: Sara Felde Liljedal, Jorunn Felde, Andrea Henjesand, Rebekka Felde Liljedal

9 år: Jorunn Felde, Sara Felde Liljedal, Andrea Henjesand, Rebekka Felde Liljedal.

Også i 2015 gjennomførte vi kombinerte fotball- og friidrettstreningar for 1. – 3. klasse. Deltakinga var varierende i dei ulike årstega, men alt i alt var det omlag 40 ungar som var med på friidrett. Vi arrangerte eitt stemne med god deltaking.

Vi legg vekt på basisferdigheter som løp, spenst, lengde og litt kasttrening.

10 år og eldre

Trenarar: Torgeir Urdahl, Jørn Egil Gåsvær, Ingunn Nyhammer, Oddrun Mangerøy, Arve Kristiansen, Arild Bjørk

Vi starta med treningar inne i Saften kvar onsdag rett etter nyttår. Treningane hadde hovudvekt på spenst og hurtigheit. Vi trente inne til påske og etter det ute på Syril stadion til haustferien i oktober.

Etter nokre gode dugnadstimar på raudstubben i vår vart bana på Syril stadion mykje betre. Vi håpar kommunen kan følgje opp framover med betre vedlikehald.

Dei eldste gutane har trent ein del på Kvåle stadion i Sogndal, for å få gode økter med piggsko.

Treningane har vore varierte med trenarar og aktivitetar i løp, hopp og kast.

Deltaking på stemne:

Syrl friidrett har hatt eit godt år med god deltaking på friidrettsstemne i og utanfor fylket.

Innandørs

Joshua Singdahlsen, gutar 15, deltok på Pingvinlekene i Bergen og Lakseleikane i Florø. Best resultat oppnådde han i Florø med 7.72 på 60m og ny pers. I Florø deltok også Angelo Singdahlsen på 60m og lengde med gode resultat.

Utandørs

Joakim Urdahl

Joakim bor for tida i Tyskland og deltok i 2015 på fleire stemne der. Den 24.05 hoppa han 15.04 i tresteg på eit stemne i Heidelberg. Eit resultat som gjorde at han vart utteken på landslaget og representerte Norge i europacupen i Cheboksary i Russland 21. juni. Her fekk han ein 12. plass. Joakim var også med på NM i Haugesund i august der han fekk 5.plass med eit resultat på 14.50. Joakim sitt resultat på 15.04 i tresteg var 3. best i landet i 2015.

Robin Wathne Nedrehagen

Robin har i 2015 satsa godt på friidrett og delteke på mange stemner rundt om i landet. Han har oppnådd gode resultat og satt klare personlege rekordar. Det er 800m han satsar mest på. I Tyrvinglekene i Bærum fekk han 2. plass på 800m i gutar 16 år med 2.03.41, på Veidekkelekene på Lillehammer 2. plass med 2.01.75. På Lillehammer fekk han også svært gode tider på 400m og 200m. Robin var også med på UM på Jessheim der han fekk 7. plass og ny bestetid på 800m med 2.01.74.

Robin har no starta på vidaregåande skule i Haugesund for å satse på friidrett og vil representere Haugesund IL i 2016. Vi ønskjer han lykke til med satsinga.

Opningsstemne i Vik

Vik har fått nytt dekke på friidrettsbana og inviterte til opningsstemne 23.05. Frå Syril deltok Erlend Henjesand, Robin Wathne Nedrehagen, Andreas Mjelstad, Klaus Mjelstad, Eirik Valvik Skrede, Kristoffer Molland og Amanda Marie Dyngen.

Veidekkelekene på Lillehammer

SyriL hadde med 4 deltakere på Veidekke-lekene på Lillehammer 19. – 21. juni: Erlend Henjesand, Robin Wathne Nedrehagen, Andreas Mjelstad og Klaus Mjelstad. I 2015 som i 2014 ble det oppnådd veldig gode tider og personlege rekordar i alle løp for SyriLeltakarane.

800 meter

I gutar 16 fekk Robin 2. plass med tida 2.01.75 og Erlend 4. plass med 2.02.40. Nr. 10 og 11 på landsstatistikken for 2015.

400 meter

Erlend fekk 5. plass med 52.40, Robin 6. plass med 52.69 og Andreas 8. plass med 54.18. 6, 7 og 14 plass på landsstatistikken for 2015.

200 meter

Her vart det 5. plass til Erlend på 23.78, 6. plass til Robin på 24.06 og 12. plass til Andreas på 24.44,



*Andreas, Robin og Erlend på
Veidekkelekene på Lillehammer*

Sparebankleikane på Byrkjelo

Sparebankleikane på Byrkjelo er det største friidrettsstemnet i fylket og frå Syril deltok Andreas Mjelstad, Robin Wathne Nedrehagen, Joshua Singdahlsen, Eirik Valvik Skrede, Henrik Farstad Skagen, Angelo Singdahlsen og Rebekka Felde Liljedal. Her fekk Robin 1. plass på 200m og 1500m, Andreas, Joshua og Eirik fekk alle 2. plasser i sine øvingar.

KM i Hornindal

Krinsmeisterskap for gutar og jenter frå 13 år og oppover vart arrangert i Hornindal i slutten av august . Frå Syril deltok Eirik Skrede Valvik, Henrik Farstad Skagen og Joshua Singdahlsen.

Eirik vart krinsmeister for gutar 13 i høgde, lengde, 60m og tresteg, og med personlege rekordar i alle øvingane. Beste resultat oppnådde han i høgde med 1.38. Henrik fekk 3. plass på 1500m i gutar 14år med 5.08. Joshua fekk 2. plass på 100m i gutar 15 med 12.50.

Bendit-leikane

Bendit-leikane er ein lagkonkurranse mellom friidrettskrinsane Hordaland, Sogn og Fjordane, Rogaland og Agder-fylka og vart arrangert på Osterøy 5. og 6. september.

2 utøvarar frå Syril vart tekne ut til å vere med, Eirik Skrede Valvik og Amanda Marie Dyngen. Eirik deltok på 60m, 600m, høgde, diskos og slegge. Beste plassering fekk han i diskos med ein fin 3. plass. Amanda Marie deltok på 600m, 1500m og kappgang, og fekk to 6. plassar og ein 10. plass.

Andre stemne

Av andre stemne Syril har delteke på har vi Karabinlekene i Bergen, med Robin, Joshua og Angelo. Joshua var også med på nasjonalt stemne i Hyen der han satt personleg rekord på 100m med 12.43. Robin deltok på fleire stemne i Rogaland etter at han flytta til Haugesund i høst.

Anna

Syril har hatt med fleire utøvarar i motbakkeløp, gateløp og maraton. Trygve Brendehaug, 15 år, deltek ivrig på motbakkeløp og hevdar seg godt. Han fekk blant anna 3. plass i M 15 – 17 år i Fanaraaken opp og i Stolzekleiven opp i Bergen fekk han den gode tida 10.57.

Sluttord: Eg vil takke styremedlemmar, trenarar, foreldre og andre som har hjelpt oss i sesongen 2015.

For Syril friidrett: Ingunn Nyhammer, leiar

DRIFTSRESULTAT**2015****2014****DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER**

Driftsinntekter

Salgsinntekt

3010 Inntekt billetter, lotteri, kio	288 733,00	199 305,00
3013 Andre inntekter Syril	88 006,60	35 585,15
3014 Medlemskontigent	111 350,00	112 030,00
3015 Reklameinnt.sponsor	459 200,00	424 300,00
3018 Startkontigent	203 780,00	185 200,00

Sum Salgsinntekt 1 151 069,60 956 420,15

Annen driftsinntekt

3400 Diverse tilskot	136 062,00	116 713,00
3401 Kulturmidler*	12 000,00	12 000,00
3403 Grasrot/momskomp.andel	182 627,88	178 731,88
3600 Inntekt idrettsanlegg*	13 300,00	28 860,00
3610 Inntekt syrilbuss*	113 681,00	85 188,70
3710 Inntekt kalender m.m.	56 200,00	46 019,50
3760 Inntekt turnering + TINE	52 950,00	62 000,00
3771 Tilført fra røde kors	20 000,00	10 000,00
3780 Treningsavg.+reise,draktavg.	495 870,00	490 550,00
3782 Syrilakademiet, Krosshaug	557,00	0,00
3790 Diverse dugnad	158 994,40	165 346,00
3800 Gevinst avgang anleggs m.	13 707,00	0,00
3900 Andre driftsinntekter	500,00	9 919,00

Sum Annen driftsinntekt 1 256 449,28 1 205 328,08

Sum driftsinntekter 2 407 518,88 2 161 748,23

Driftskostnader

Varekostnad

4010 Kjøp kiosk og lotteri m.m.	68 400,00	30 312,04
4013 Innkjøp diverse	9 835,21	12 193,00
4300 Varekjøp,høg sats	0,00	1 938,00
4500 Innleid arbeid	73 244,50	61 180,00

Sum Varekostnad 151 479,71 105 623,04

Lønnskostnad

5000 Lønninger	175 599,00	172 163,00
5400 Arbeidsgjevaravgift	9 540,00	9 540,00

Sum Lønnskostnad 185 139,00 181 703,00

Avskrivning på varige driftsmidler

6000 Avskrivning Kleppaanl.	17 164,00	17 879,00
6010 Avskrivning kunstgrasbane+binge	685,00	(1 474,00)
6011 Avskrivning buss	134 200,00	6 573,00
6015 Avskrivning på maskiner	6 370,00	7 963,00

Sum Avskrivning på varige driftsmidler 2 158 419,00 30 941,00

Annen driftskostnad

6300 Leie lokale	181 729,00	180 130,00
6340 Lys, varme	70 053,90	72 593,08
6360 Renhold	0,00	2 000,00
6440 Leie transportmidler	200,00	0,00
6500 Div.utstyrskostn.	204 020,07	211 195,60
6590 Div.kostnader drifta*	1 020,00	4 250,00
6600 Drift og vedl.h.anlegg	122 323,54	121 752,93

6601 Drift og vedl ny hytte 2 491,50 1 007,50

DRIFTSRESULTAT	NOTE	2015	2014
6620 Drift, vedl. hold utstyr		1 382,00	785,00
6621 Drift, vedl. h. skitrekk*		17 732,00	1 149,00
6690 Utgift turneringar		141 404,00	167 296,80
6705 Regnskapshonorar		75 844,00	90 645,00
6790 Domarutgifter		54 423,00	45 846,10
6800 Kontorutgifter		13 100,06	12 811,10
6801 Rekv. kjeringa open		110 461,00	113 421,00
6860 Møte, kurs, oppdatering o l		8 353,40	21 400,00
7021 Driftsutg. syrilbuss		245 604,67	214 577,31
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig		19 901,15	10 189,80
7101 Bilgodtgjørelse, trekk- og AGA-		1 909,60	7 548,00
7140 Reiseutgifter		5 569,70	4 906,00
7300 Annonser		6 110,50	2 581,50
7320 Reklamekostnader		4 485,00	5 100,00
7321 Annonser		1 539,00	6 378,50
7400 Kont. avg. krins, forbund		140 310,00	102 340,00
7500 Forsikring / lisensar		58 605,00	119 496,00
7770 Bank- og kortgebyr		4 005,50	2 821,00
7790 Andre driftskostn.*		15 156,90	12 913,08
Sum Annen driftskostnad		1 507 734,49	1 535 134,30
Sum driftskostnader		2 002 772,20	1 853 401,34
DRIFTSRESULTAT		404 746,68	308 346,89
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt			
8050 Renteinntekter		2 850,00	4 751,00
Sum Annen renteinntekt		2 850,00	4 751,00
Sum finansinntekter		2 850,00	4 751,00
Finanskostnader			
Annen rentekostnad			
8150 Renteutgifter		0,00	46 840,74
8155 Rentekostnad leverandørgjeld		542,10	0,00
Sum Annen rentekostnad		542,10	46 840,74
Sum finanskostnader		542,10	46 840,74
NETTO FINANSPOSTER		2 307,90	(42 089,74)
ORDINÆRT RESULTAT	1	407 054,58	266 257,15

BALANSE**2015****2014****EIENDELER****ANLEGGSMIDLER**

Varige driftsmidler

Tomter, bygninger og annen fast eiendom

1100 Skihytta	11 000,00	11 000,00
1101 Kiosk/lager/speakerbu	50 000,00	50 000,00
1102 Kleppa utbygging	306 590,00	319 365,00
1103 Tilskot garasjeanl.Kleppa 2011	(200 000,00)	(200 000,00)
1104 Ballbinge 2004	133 405,00	138 964,00
1105 Driftsbygg Kleppa-2010	305 333,50	309 722,50
1106 Kunstgrasbane 2011-2014	3 682 930,35	3 625 570,75
1107 Salg andelar kunstgrasbana	(66 000,00)	(66 000,00)
1108 Kunstgras tilskot mm.	(3 799 901,00)	(3 799 901,00)

Sum Tomter, bygninger og annen fast eiendom

423 357,85 388 721,25

Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.

1238 Ny buss 2005	0,00	26 293,00
1239 Ny buss 2015-KB44502 MB	536 800,00	0,00
1240 Trakkemaskin 2007	25 480,00	31 850,00

Sum Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.

562 280,00 58 143,00

Sum varige driftsmidler

985 637,85 446 864,25

SUM ANLEGGSMIDLER

985 637,85 446 864,25

OMLØPSMIDLER

Fordringer

Kundefordringer

1500 Kundefordringer	18 600,00	38 500,00
1510 Fordringer diverse	43 215,00	0,00

Sum Kundefordringer

61 815,00 38 500,00

Sum fordringer

61 815,00 38 500,00

Bankinnskudd, kontanter o.l.

1900 Vekslepenger-fotball	1 000,00	0,00
1901 Vekslepengar håndball	20 272,00	0,00
1920 Sparebanken SF-07.31029	708 898,93	911 299,77
1921 Sparebanken SF-14.13101-fotb.	89 837,51	26 554,61
1922 Sparebanken SF-09.83197KO	227 364,57	290 387,60
1923 Sparebanken SF-10.13124-kunstgr	320 510,65	372 674,25
1924 Sparebanken SF-11.49972-trakkem	1 042,00	1 039,00
1925 Sparebanken SF-15.62190	21 252,41	21 232,41
1926 Sparebanken SF-13.41318-KO-påml	336 224,00	160 245,00
1927 Sparebanken SF-17.16931-SF-renn	28 985,55	58 590,10
1930 Sparebanken SF-08.85160-dugnad	188 863,30	222 349,20
1950 Sparebanken SF-07.48260 sk.trek	20 919,00	26 131,00

Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.

1 965 169,92 2 090 502,94

SUM OMLØPSMIDLER

2 026 984,92 2 129 002,94

SUM EIENDELER

3 012 622,77 2 575 867,19

EGENKAPITAL OG GJELD**EGENKAPITAL**

Opptjent egenkapital

Annen egenkapital

2050 Kapital	2 814 952,77	2 407 898,19
--------------	--------------	--------------

Sum Annen egenkapital

2 814 952,77 2 407 898,19

BALANSE**2015****2014**

Sum opptjent egenkapital

2 814 952,77 2 407 898,19

SUM EGENKAPITAL	2 814 952,77	2 407 898,19
GJELD		
KORTSIKTIG GJELD		
Leverandørgjeld		
2400 Leverandørgjeld	6 751,00	141 838,00
Sum Leverandørgjeld	6 751,00	141 838,00
Skyldig offentlige avgifter		
2600 Forskuddstrekk	20 919,00	26 131,00
Sum Skyldig offentlige avgifter	20 919,00	26 131,00
Annen kortsiktig gjeld		
2960 Påløpt kostnad og forskuddsbet.	170 000,00	0,00
Sum Annen kortsiktig gjeld	170 000,00	0,00
SUM KORTSIKTIG GJELD	197 670,00	167 969,00
SUM GJELD	197 670,00	167 969,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	3 012 622,77	2 575 867,19

Leikanger 31.12.2015/02.03.2016

Syril IL

2015

Fordeling av resultat pr. avdeling 2015:		2014	2015
Gruppene har følgende resultat:	Fotball	-4 694,40	62 071,17
	Handball	35 770,75	20 853,40
	Ski	-27 700,00	-6 321,40
	Symjegruppa	7 846,00	9 100,00
	Friidrett	-6 089,00	-3 646,20
	Trim	-539,00	78,55
	Styret	258 768,49	352 917,61
	Skihytta	-17 868,22	-43 945,28
	Kjeringi Open	10 902,03	50 945,22
	Barnegruppa	14 260,50	2 250,00
	Klatregruppa	0,00	0,00
	Volleyball	-2 500,00	-1 600,00
	Innebandy	-1 900,00	-5 000,00
	Oldgirls	0,00	0,00
	Bjørgahaug opp	0,00	6 655,06
	Telemark	0,00	-37 303,55
	Totalt	266 257,15	407 054,58

Note 2

Syril IL

Gjennomført avskrivning 2015 Syrila:

		Avskrivnings-					
		Grunnlag	beløp	avd	debet	kredit	Sluttsaldo
Kleppa utbygging	4 %	319 365	12 775	7	6000	1102	306 590
Firidrettsanlegg	4 %	0	0	7	6000	1103	0
Ballbinge 2004	4 %	138 964	5 559	7	6010	1104	133 405
Garasjeanlegg Kle	4 %	109 722	4 389	7	6000	1105	105 333
Kunstgrasbane	4 %	-121 845	-4 874	7	6010	1106	-116 971
Buss	20 %	671 000	134 200	7	6011	1238	536 800
Trakkemaskin	20 %	31 850	6 370	7	6015	1240	25 480
Kano m/utstyr	20 %	0	0	7	6012	1245	0
		<u>1 149 056</u>	<u>158 418</u>				<u>990 638</u>

Leikanger 02.mars 2016

Vekstra Fredheim AS
Magnar Fredheim

Idrettslaget Syril – revisjon av rekneskapen for 2015

Syril sin rekneskap for 2015 syner tilfredsstillande resultat og ein god soliditet. Rekneskapen framstår som oversiktleg og ryddig. For nokre av inntekts- og kostnadspostane er det vanskeleg å føreta ein fullgod revisjon på grunnlag av dei billaga som følgjer med rekneskapen. Men samla sett framstår rekneskapen som rett.

Hermansverk, 9.mars 2016



Tony Borlaug



Endre Høgalmen

	FRAMLEGG BUDSJETT FOR SYRIL 2016		
GRUPPE	DRIFTSINNTEKTER	DRIFTSUTGIFTER	RESULTAT
01 Fotball	490000	485000	5000
02 Håndball	250000	250000	0
03 Ski / kiosk hytta	75000	75000	0
04 Symjegruppa	5000	5000	0
05 Friidrett	20000	20000	0
06 Trim	12000	11000	1000
07 Styret	850000	520000	330000
08 Skihytta	30000	50000	-20000
09 Kjeringi open	450000	400000	50000
10 Barnegruppa	20000	10000	10000
11 Klatregruppa	5000	5000	0
12 Volleyball	10000	10000	0
13 Innebandy	10000	10000	0
Oppdatering/anlegg- utstyr	0	300000	-300000
TOTALT SYRIL	2227000	2151000	76000